



Ny nasjonal- bibliotekar

– Språket er den viktigaste infrastrukturen for ein god stat, seier Åse Wetås.

SIDE 4–5



Eit viktig steg mot lovendring

– Dette markerer ein viktig skanse, seier Erling Sande (Sp). No ligg alt til rette for lovfesting av nynorske læringsressursar.

SIDE 7



Nynorsk inn i Grunnlova!

Landsmøtet på Gardermoen vedtok nytt arbeidsprogram og peikte ut vegen mot 2050.

SIDE 23–27

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
juni 2026

Målhovdingen

Språket er verdt å kjempe for, meiner Runar Gudnason. Men ein må starte med seg sjølv, seier mottakaren av Målprisen for 2026.

INTERVJU SIDE 20–22



Foto: Kristianne Marøy

Mot doven- skapen

■ Dette var våren ein knapt kunne snu seg utan å sjå ein KI-skandale utfalde seg. Sist ut var Niels Røine og Cappe-
len Damm, som ikkje klarte å motstå freistinga til å kapitalisere på fotball-VM då dei gav ut boka *Lise vs. Gianni*, som hadde tydelege spor etter kunstig språk. Slike saker er sjølv sagt botnlaust pinlege for dei sjølv. Men for dei som vil den norske tekstkulturen vel, var det endå eit teikn på kva som kjem.

■ I dette nummeret av Norsk Tidend tek nasjonalbibliotekar Åse Wetås til orde for varsemnd i møte med teknologien. Institusjonen hennar leier no an i arbeidet med konkurrerende norske språkmodellar. Leiar i Den norske Forfatterforening, Sivert Nesbø, ser ingen veg utanom det som kjem: «Me vil få så mykje tekstmateriale som er godt nok», seier han, men peiker samstundes ut ein veg *gjennom* uføret. Det å insistere på eit humanistisk verdsbilette, der kunsten, språket og mennesket framleis har ein plass – helst i sentrum – har alltid vore vanskeleg i eit samfunn styrt av økonomi. I sin tekst freistar Maria Tryti Vennerød byrja ved å få det poetiske språket attende i dagleg-tala vår.

■ Det er noko alle kan gjera for å mot-
verke glottofobi, skriv Sophia Smith Ga-
ler: Ein kan lære seg eit nytt språk sjølv. Det same prinsippet kan ein utvide til det meste som har med kunst, kunnskap og læring å gjera. Om ein vil ta vare på den opplyste fellesskapen, lyt ein sjølv ta an-
svar for å vera ein del av han.

■ I april heldt den amerikanske forfatta-
ren Marilynne Robinson det andre Fos-
seforedraget på Slottet i Oslo. «Men Ame-
rika», sa ho der – og me i Noreg, kunne ein leggje til – «treng eit langt breiare grunnlag for konsensus enn nokon tra-
disjon eller noka mangfaldig historie kan tilby oss. Overtyinga om menneskelivet som noko heilag og ukrenkeleg kunne vere eit lovande utgangspunkt, men sjølv denne doktrinen har historisk sett hatt fleire berykta motstandarar og får for tida stadig fleire, særleg no som teknologien er forventa å kunne undergrave den økonomiske verdien til alle som lever av å arbeide. Denne trenden er ein desto større grunn til å legge eit sterkt mog-
leg fundament for humanisme, for slik å stenge av for den verst moglege bruken av kunstig intelligens og kva det no er som kjem etterpå».

JÓGVAN HELGE GARDAR

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Dronningens gate 22, 0154 OSLO

Redaktør: Jógvan Helge Apalnes Gardar

I redaksjonen:

Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Eit fleirtal i utdannings-
og forskingskomiteen
på Stortinget slår for
første gong fast at
**digitale læringsres-
sursar** må kome på
nynorsk. Dermed får
kunnskapsminister
Kari Nessa Nordtun (Ap)
marsjordre.

■ Då den nye opplæringslova vart vedteken, peika eit samla språkmiljø, Utdanningsfor-
bundet, Elevorganisasjonen, Språkrådet, For-
leggerforeningen, AUF og over 120 ordførarar på det openberre problemet i den digitale skulen: Nynorskelevane har ikkje reell tilgang til opplæring på sitt eige språk.

Vi bad ikkje om særrettar. Vi bad om like vilkår.

■ Læremiddel er ikkje lenger berre bøker. Skulekvardagen er full av appar, læringsplatt-
former, digitale oppgåver, videoar og ulike læringsressursar. Når berre ein liten del av dette finst på nynorsk, møter nynorskelevane mindre av sitt eige språk enn bokmåselevane gjer. Dei får mindre språkleg eksponering, færre moglegheiter til å utvikle skriftspråket sitt og i praksis ei dårlegare opplæring.

Likevel valde Stortinget i 2023 å halde fast ved eit kunstig skilje mellom læremiddel og læringsressursar. Resultatet vart at lova sikra nynorskkraft til det eine, men ikkje til det andre.

■ Tre år seinare nærmar vi oss noko.

No slår eit fleirtal i utdannings- og for-
skingskomiteen på Stortinget fast det som nynorskrørsla har sagt heile tida: Det kun-
stige skiljet må bort. Digitale læringsressur-
sar som blir brukte i skulen, må vere tilgjøn-
gelege på nynorsk. Fleirtalet går lenger enn

■ leiarteigen




PEDER LOFNES HAUGE

Leiar i Noregs Mållag

det. Dei seier også at statlege løyvingar til opplæringsmaterieell må knytast til krav om både bokmål og nynorsk, og at digitale skri-
veverktøy må støtte begge skriftspråka.

■ Dette er eit viktig gjennombrut. Og fornufta ser ut til å sigre. Det er verdt å merke seg at Arbeidarpartiet og Høgre ikkje røysta for inn-
stillinga i komiteen, medan Framstegspartiet gjorde det. I dette tilfellet er Simen Velle og Frp meir opptekne av retten til opplæring på eige språk enn Ap og Høgre er. Det fortener dei skryt for. Dette handlar om at nynorskele-
vane skal ha rett til ein likeverdig skulekvar-
dag som bokmåselevane. Einskildeleven mot bokmålsveldet.

■ Endå viktigare er det at konklusjonen kjem etter at Utdanningsdirektoratet har gjort den kunnskapsinnhentinga Stortinget bad om i 2023. Direktoratet dokumenterer det nynor-



Endeleg digital



Foto: Kristianne Marøy

skulekvardag?

skelevar og lærarar har sagt i årevis: Det finst færre læringsressursar på nynorsk, dei er vanskelegare å finne, og dei held ofte lågare språkleg kvalitet.

Vi veit altså meir no enn vi gjorde då opplæringslova vart vedteken. Og den nye kunnskapen peikar eintydig i same retning som nynorskrørsla gjorde.

Difor er det ikkje lenger nok med gode formuleringar og velvilje. No må kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun levere.

■ Det som mangla i 2023, var politisk vilje. No finst det eit fleirtal i Stortinget som ønskjer endring. Då må regjeringa kome tilbake med dei nødvendige lovendringane. Nynorskelevane kan ikkje vente på fleire utgreiingar, fleire rapportar eller fleire rundar med kunnskapsinnhenting.

Dette handlar ikkje om språkpolitikk for dei særleg interesserte. Det handlar om ein heilt grunnleggjande rett: at elevar skal få opplæringa si på sitt eige språk.

■ Noreg har vedteke ei språklav som slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Då kan vi ikkje akseptere at den digitale skulen systematisk favoriserer bokmål.

I 2023 tapte nynorskelevane denne kampen. Våren 2026 har Stortinget peika ut retninga. No er det regjeringa si oppgåve å følgje etter.

Det som mangla i 2023, var politisk vilje. No finst det eit fleirtal i Stortinget som ønskjer endring. Då må regjeringa kome tilbake med dei nødvendige lovendringane. Nynorskelevane kan ikkje vente på fleire utgreiingar, fleire rapportar eller fleire rundar med kunnskapsinnhenting

■ sagt

Jæren har lange tradisjonar for å stå støtt i det som er vårt. Me tek vare på jorda, kulturlandskapet og historia. Då må me òg ta vare på språket.

Klara Fatnes
i Jærbladet

Også en del lokale massasjeinstitutter og kebabsjapper tviholder på nynorsk. Derfor står det «open» og ikke «åpen» på skiltet som blinker livlig på utsiden.

Per Arne Rennestraum
i Varden

– Det største problemet eg hadde var at norskundervisninga eg hadde var på bokmål, men då eg blei kasta ut i arbeidslivet snakka alle her ute på Lindås på stril.

Alexa Cöln
til Avisen Nordhordland

Så er boka på nynorsk. Tilfører det noko? Tja, nynorsk er ufarleg; ein subsidiert og utdøyande minoritet. Utan brodd. Lever på nåde. Det tannlaust pusete ved nynorsken gir romanen ein fin kamuflasje, på same måte som at arsenikk er smak- og luktfri.

Leif Tore Sædberg
i Stavanger Aftenblad

Luktfri og utan smak? Det verkar ikkje slik på FrPu sin sjef Simen Velle når han er på skuleturne, men skriftspråk er jo stort sett luktfrie. Heldigvis.

Edmund Austigard
på Facebook

På ein dårleg dag kan eg få for meg at Morgenbladet sit i København og kikkar mot kolonien i nord.

Edmund Austigard
i Morgenbladet

Hvorfor kunne ikke Ivar Aasen ha gjort som andre i sin samtid og emigrert til Amerika.

Thomas Rieber-Mohn

– Departementa og fleire institusjonar stadfestar berre det vi i Målungdomen har påpeikt over lang tid. Vi treng sanksjonar for brot på språklava. Poenget med ei lov er at ho skal bli følgt. Dei har hakk i plata og seier at dei skal gå gjennom rutine sine, men det gjer dei kvart år.

Sebastian Vinsent Natvik
til framtida.no

— Verktøya skal vera gode

For nokre veker sidan tok **Åse Wetås** heisen opp frå det gamle kontoret sitt hjå Språkrådet. No tek ho til som ny nasjonalbibliotekar.

TEKST OG BILETE:
JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ – Til lykke med den nye jobben! Kva er på plakaten om dagen?

– No er det fram til sommaren å bli ordentleg kjend med innmaten i det store Nasjonalbiblioteket, både i Mo i Rana – der me jo har flest medarbeidarar – og her i Oslo. Så eg har ein guida tur rundt til alle seksjonane for å få høyra meir om kva som står på der, og kva som er dei konkrete arbeidsoppgåvene. Å setta meg inn i kva som føregår på dagleg basis i heile organisasjonen, står høgt på prioriteringslista mi. Eg kjenner jo til Nasjonalbiblioteket i stort, men eg vil òg gjerne bli kjent med detaljane og korleis dei ulike seksjonane – med bevaring, forskning, formidling og språkteknologi – klikkar inn i kvarandre.

– Korleis går det med utviklinga av språkmodellane dykkar?

– Det går veldig bra. Me har fått eit veldig stort oppdrag og har hårete ambisjonar. Det som heilt konkret skjer no, er at me i mai slepper dei fyrste modellane som har trenar på opphavsrettsbeskytta avismateriale. I august i fjor kom nyhenda om at Nasjonalbiblioteket skulle få midlar over statsbudsjettet frå 2026 til å kunna bruka opphavsrettsbeskytta materiale. Då får rettshavarane kompensasjon for at tekstane blir brukte i trening av store generative språkmodellar. No er den treninga i gang, slik at det kjem eit slepp no der avismaterialet er brukt i fintreninga. Over sommaren kjem eit nytt slepp der materialet er brukt til både pretrening og finjustering. No ligg det òg føre eit utkast til avtale med Kopinor om trening på bøker, og der er me komne så langt at me håper å få tilsegn om finansiering i statsbudsjettet for 2027. Det er viktig særleg fordi det vil giera modellane betre på nynorsk og på nordsamisk, som ikkje er like godt representerte i avismaterialet.

– Kva vil ein konkret kunna bruka modellane til?

– Det er modellar som kan trenast vidare på domenespesifikt materiale, for å bli gode i hel-sespråk eller juridisk språk, til dømes. Dei er ikkje fiks ferdige til at eg og du skal kunna spørja kva som er i kjøleskapet vårt eller skriva konfirmasjonstale. Målet med dei er for det fyrste at Noreg skal styrka den digitale suvereniteten, og så at dei er meir etisk forsvarlege i og med at ein gjev kompensasjon til rettshavarar. Det er modellar som forhåpentleg òg skal kunna yta betre på norske språk, norske verdier, haldningar og kulturelle tilhøve enn det dei store internasjonale modellane gjer. Så dette er eit nybrottsarbeid som Noreg gjer.

– Får de merksemd frå utlandet?

– Konkret kan eg seia at me hadde kollegaar frå Danmark og Sverige på besøk i førre veke, og me er jo komne vesentleg lenger enn

nabolanda våre når det gjeld å digitalisera den immaterielle kulturarven. Me byrja med det heilt attende i 2005, lenge før nokon av oss her heime hadde tenkt tanken om store generative språkmodellar som skulle kunna produsera norsk. Men det var veldig framsynt. Det kan brukast til så mykje ingen hadde tenkt på den gongen.

– Har de trua på at dette prosjektet har kraft til å motverka effekten av dei store amerikanske modellane?

– Målet er at dei skal vera så gode at dei kan vera alternativ til dei store modellane som ikkje så godt tek omsyn til vårt språklege mangfald, vår kultur og våre verdier. For oss kan det handla om spesifikk bruk, og ikkje om ein «ein-app-løysert-alt»-modell som ChatGPT.

– Er planen å få dei inn i skulen?

– Det er mange grunnar til å vera varsam med kva ein bruker av språkteknologiske verktøy og produkt til dømes i skulen, av omsyn til personvern og ikkje minst språkleg kvalitet. Frå mitt førre virke i Språkrådet har eg med meg det me gjorde av evalueringar av mykje brukte språkmodellar og skriveverktøy i skulen, som viser seg å ha altfor dårleg kvalitet, særleg på nynorsk. Ein av tinga me må jobba med, er å få desse språkteknologiske verktøya til å representera norsk på den måten som det norske demokratiet har valt at norsk skal vera på, altså med to skriftspråk og med høve til variasjon innanfor dei begge. Modellane skal kunna visa fram både *frem* og *fram* på bokmål og *vere* og *vera* på nynorsk. Me må fyrst og fremst jobba for at verktøya skal vera gode tenarar for oss og ikkje overstyra verdiane våre.

– Du går frå jobben som direktør i Språkrådet, som du har hatt sidan 2015. Korleis har situasjonen endra seg for det norske språket på dei åra?

– Det er ein blanda rekneskap, men på nokre område synest eg at det har skjedd veldig gode ting. Då tenkjer eg særleg på den heilt nylege vridinga i akademia mot større fokus på norsk fagspråk og på å bygga parallellspråkleg kompetanse. Der har retninga lenge vore einvegs mot engelsk, men så har det skjedd ganske mange ting, både med nytt lovverk, ny handlingsplan for norsk fagspråk i akademia frå regjeringa og fagspråksentera som er under oppbygging på universiteta i Oslo og Bergen. På den andre sida har me kultur- og medietilbodet som born og unge i Noreg nyttar mest – då tenkjer eg særleg på det digitale. Der er det tal som viser at norske born og ungdommar no møter meir engelsk enn norsk i sosiale medium og til dømes på YouTube. Det er med på å svekka statusen til norsk som samfunnsberande språk i dei aldersgruppene. Det er det grunn til å vera veldig bekymra for. Og alt det som er dårleg nytt for norsk generelt, er jo særleg dårleg nytt for nynorsk.

– Korleis har situasjonen endra seg for Språkrådet i desse åra?

– Eg vil seia at Språkrådet har vore ganske gode til å halda seg relevante og vri arbeidet inn mot dei språkpolitiske områda der faren for tap av norsk har vore størst. Det er klart at nokre av oppgåvene er enklare å skapa entusiasme for enn andre. Til dømes er arbeidet med klart språk i det offentlege ein skikkeleg vinnarhest, sidan det er ein så lett synleg samanheng



mellom innsats, nøgde innbyggjarar og sparte kostnader. Men det å jobba med at det offentlege skal ta ansvar for å synleggjera at me har to likestilte skriftspråk i dette landet, det er vanskelegare å få til. Det er for mange som har privatpraktiserande meiningar som dei lar styra språkval i arbeidstida.

le tenarar for oss



– **Språklova avløyste mållova 1. januar 2022. Tykkjer du ho har fungert etter føremålet?**
– Eg meiner at språklova har vore eit enormt stort framsteg. Ho var veldig etterlengta då ho kom. Ho er jo ei såkalla rammelov som me ser har drope over i den sektorspesifikke lovgjevinga

NYTT I GAMALT: I haust opna Nasjonalbiblioteket 900 nye kvadratmeter for publikum og skuleformidling i Oslo. I vår tok Åse Wetås heisen opp til kontoret i toppetasjen for å bli leiår for heile Nasjonalbiblioteket, inkludert kulturkvartalet på Solli plass.

på viktige område både i tolkelova, universitets- og høgskulelova og opplæringslova, i den sistnemnde mellom anna i form av at skriveprogram skal vera på normert bokmål og nynorsk, og visa heile registeret i normene våre. Så språklova har vore kjempeviktig, og så er det jo det med å gjera ho kjend i alle krikar og krokar av det offentlege og få alle i offentlig sektor – særleg leiarar – til å kjenna til at her ligg det lovpålagde plikter, og ikkje valfrie oppgåver.

– **Sanksjonar har heile vegen vore eit tema ved innføringa av språklova. Korleis stiller du deg til det spørsmålet no?**

– Då språklova kom, sa me i Språkrådet at me synest at det ikkje burde vera naudsynt med sanksjonar. Det er noko grunnleggjande kontraintuitivt med ein stat som må dela ut bøter til seg sjølv for manglande lovetterleving. Stortinget sa den gongen at dei ville fylgja med på korleis situasjonen utvikla seg når det gjeld målveksling, og komma tilbake til spørsmålet seinare. Og eg trur nok det er noko å sjå litt nærare på, for etterlevinga er heilt openbert for tilfeldig. Veldig ofte er ho avhengig av entusiasmeriske enkeltpersonar.

– **Kva var den største sigeren din i Språkrådet?**

– Det eg var med på i Språkrådet, var godt kollektivt arbeid. Men eg vil trekka fram at me fekk til å flytta ansvaret for den norske språklege grunninfrastrukturen frå Oslo til Bergen, med revisjonsprosjektet for ordbøkene, oppbygging av Termportalen og seinare fagspråksentert. Det er verdt å feira, for det er ingen andre i verda me kan forventa skal ta forvaltningsansvaret for dei norske språka – det må me gjera sjølve her i Noreg.

– **Og det største nederlaget?**

– Det er ergerleg at eg i løpet av dei ti åra ikkje fekk alle statsorgan til berre å gjera pliktene sine med språkveksling. Det er så opplagt at språkansvaret er noko som alle i det offentlege må vera med på å ta, rett og slett fordi det er den viktigaste infrastrukturen for ein god stat for borgarane.

– **Har den norske språkpolitikken store nok ambisjonar?**

– Samanlika med veldig mange andre land har Noreg ein veldig offensiv og god språkpolitikk. Den heilskaplege politikken som skal femna om både norsk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka, er utmerkt godt tenkt. Så er det sjølv sagt ein stor jobb å setta han i verk i alle sektorar. Staten er sektorisert, og det kan til dømes vera vanskeleg å forstå samanhengen mellom investeringar i klart lovspråk på nynorsk og bokmål og god oppfølging av rettane og interessene til den enkelte innbyggjaren i Noreg. Men den samanhengen er der! Den norske språkpolitikken er forankra i ytringsfridomsparagrafen i Grunnlova, som skildrar staten sitt ansvar for å leggja til rette for ytringsfridom, demokrati og deltaking. Det gjer politikken mykje meir potent enn om han skulle dreidd seg berre om tilbakeskodande kulturvern.

■ kringkastingsringen



BEATE MARIE DAHL EIDE
styreleiar i Kringkastingsringen

Nynorsk må få plass i kinosal og tv-stove!

■ Kinofilm og strøymetenester er ein viktig del av mediekvardagen. Kino er av dei mest brukte kulturaktivitetane våre, og nær halvparten av oss strøymmer innhald kvar dag (ref. SSB). Fellesnemnaren er diverre at nynorsken er fråverande. Det er på høg tid å sikre nynorsken større plass!

Etter Ronja Røvardotter i 80-åra kom tusenårsskiftet før nynorsken igjen var å finne på kinolerretet. Dei siste 17 åra har berre åtte kinofilmar hatt teksting på nynorsk. Ingen etter 2020, ifølgje Språkrådet. Hos Netflix finn ein ikkje spor av nynorsk tekst, noko som diverre er representativt for strøymetenestene.

At filmbransjen ikkje er språkmedviten, vart tydeleg då SF Studios lanserte traileren til Jon Fosse-filmen «Kjærest» – med bokmålsteksting. Det høyrer med til historia at kinoane får velje målform på tekstinga, men det er noko litt stusseleg over å tekste eit Fosse-manus på bokmål.

Kringkastingsringen meiner bae skriftspråka må vere synlege i kinosalane og hos strøymetenestene. Vi treng fleire arenaer der ein møter sitt eige språk på ein naturleg måte. Det er særleg viktig for born og unge. Engelsk- og bokmålspåverknaden er sterk. Bokmålsteksting er i dag norma i film- og serieverda. Slik treng det ikkje vere.

Filmar og seriar som får offentlig tilskot, bør ha plikt til å ta omsyn til språkkrav. I dag har vi ikkje verkemiddel som kan påleggje distributørar og produsentar å tekste på nynorsk. Kino- og filmformidlingsstrategien til regjeringa skal leggje til rette for breidd og mangfald i kinotilbodet. Språk bør vere ein viktig del av eit slikt mangfald.

Distributørane har ansvar for teksting av kinofilmar, men Norsk filminstitutt stiller i dag ingen krav om nynorsk, berre at filmene finst på norsk språk med norsk tekst. Spania krev ei viss mengd innhald hos strøymetenestene teksta på katalansk. Vi bør krevje noko slikt for nynorsken her til lands.

Krava til kinofilmar må bidra til at òg «storfilmar» som når ut til mange kinogjengarar, får nynorskteksting. Ei ordning med dette som eit val kvar kino tek, sikrar ikkje nynorsken større plass.

Tilbakegang i staten

I Språkrådet sin årlege gjennomgang av statleg språkveksling kjem det fram at flesteparten av departementa bryt lova. Språklova § 13 fyrste ledd krev at sentrale statsorgan over tid skal «bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument». Tala for 2025 viser at berre seks av departementa oppfylte kravet i 2025. Snittet ligg no nede på 14 %. Det er ein stor tilbakegang frå 2024, då talet var 22 %, og 2025, då departementa låg på 25 % i snitt. I år som i fjor er det Energidepartementet som kjem best ut, med 50 % nynorsk. Verst står det til i Klima- og miljødepartementet, som berre klarte 3 %.

Til NRK seier konstituert direktør i Språkrådet, Nina Teigland:

– Språkrådet har grunn til å tru at det er lite systematikk i arbeidet med språket i departementa. Arbeidet er for personavhengig og for tilfeldig.

Leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge, er ikkje imponert. Han legg ansvaret på leiarane i departementa:

– Det må vere så grenselaust pinleg å vere leiar i staten og ikkje klare å gjere jobben sin, seier han.

Synne Vo er Årets nynorskbrukar

■ Artisten og låtskrivaren Synne Vorkinn (f. 1998) har markert seg tydeleg i sentrum av norsk pop-musikk dei seinare åra. Medan ho lenge gjorde seg mest gjeldande som låtskrivar og komponist for andre, har hennar eigen musikk, som ho gjev ut under namnet Synne Vo, blitt meir og meir kjend. Vorkinn fekk Dialektprisen frå Norsk Målungdom for 2024. I 2026 er ho aktuell både i TV-programmet «Hver gang vi møtes» på TV2 og med to konsertar i Oslo Spektrum.

– Dette er ordentleg stas! Veldig kjekt at nynorskbruken min blir verdsett av andre som har den same kjærleiken for språket! seier Synne Vorkinn.

I ei pressemelding grunngjev styret i Nynorsk kultursentrum tildelinga med at Vorkinn skriv nynorsk i ein del av norsk musikkbransje der språket er lite utbreidd, særleg hjå yngre utøvarar. Det har stor verdi at ein ung utøvar som når mange, anten det er i beste sendetid på fjernsyn eller på store arenaer som Oslo Spektrum, også er ein tydeleg nynorskbrukar, meiner dei.

– Synne Vo er eit tydeleg førebilete. Det er inspirerende å sjå korleis ho brukar språket, anten



PROFILERT: Synne Vo har fått merksemd for bruk av både dialekta og nynorsken. No er ho i ferd med å bli ein av våre mest profilerte nynorskbrukarar, med over 750 000 månadlege lyttarar på Spotify.

Foto: William Blofeld

det er uredd og sjølvsgd bruk av nynorsk i sosiale medium og anna marknadsføring, eller Lesjadialekta i songtekstane sine, seier Jan Olav Baarøy, styre-

leiar i Nynorsk kultursentrum.

Prisen blei delt ut i Aasentunet under opninga av Festspela 2026 torsdag 11. juni.

JHG

SARA KHORAMI I ROLLA SOM SALLY BOWLES I

CABARET

Manus **JOE MASTEROFF**
Musikk **JOHN KANDER** Songtekstar **FRED EBB**

PREMIERE 17. OKTOBER 2026

Regissør **KJERSTI HORN** Koreograf **SILAS HENRIKSEN**
Musikkansvarleg **SVENNERIK KRISTOFFERSEN** Scenograf **SVEN HARALDSSON**
Maske- og kostymedesignar **PATRICIA SVAJGER** Lyddesignar **ERIK MEDIN** Lysdesignar **OSCAR UDDBYE**

Basert på skodespelet av John van Druten og historier av Christopher Isherwood.
Opphavleg produsert og regissert ved The New York stage av Harold Prince.
Forlag Nordiska ApS

Eitt steg vidare for læringsressursar på nynorsk

Storingsrepresentant Erling Sande (Sp) har samla fleirtal for nynorskrav til digitale læringsressursar.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no

■ – Fleirtalet seier tydeleg at det må innførast eit parallellitetskrav for læringsressursar på same linje som for læremiddel, og at det er viktig for å sikre nynorskelevane ei likeverdig opplæring, sa Erling Sande i stortingssalen då Stortinget debatterte sak om endring av opplæringslova, torsdag 4. juni. Sande avslutta innlegget slik:

– Fleirtalet viser både til skriveprogram og opplæringsmateriell, og eg vil be statsråden ta fleirtalsmerknadane på stort alvor og raskt styrke arbeidet på dette området.

Parallellitetskrav

Då den nye opplæringslova vart vedteken våren 2023, vart parallellitetskravet for læremiddel videreført. Lova definerer læremiddel som «alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast jamleg i opplæringa, og som dekkjer vesentlege delar av læreplanen i faget».

Målrørsla ynskte seg ein breiare definisjon. Målet var at han også skulle omfatte dei mange læringsressursane som er i bruk i skulen, men som ikkje blir ramma av parallellitetskravet. Målrørsla fekk ikkje gjennomslag den gongen. I staden bad Stortinget Kunnskapsdepartementet om å hente inn meir kunnskap. I rapporten som Utdanningsdirektoratet tinga ifrå NIFU heiter det mellom anna at forskarane «finn at det er færre læringsressursar på nynorsk, at desse er vanskelege å finne og ofte har (opplevd) dårlegare språkleg kvalitet». Etter at Utdanningsdirektoratet leverte rapport til Kunnskapsdepartementet mot slutten av 2025, har det vore stilt om saka frå departementet.

Viktig merknad

– Denne merknaden er viktig fordi vi veit at det både er lite nynorske læringsressursar og fordi det også er ymse kvalitet. Ved å slå fast eit krav om at det skal vere på både nynorsk og bokmål vil vi få eit tydelegare medvit hjå lærarane og skulane om å kjøpe inn på nynorsk. Eg er også sikker på



KRAV I MERKNAD: Storingsrepresentant Erling Sande (Sp) er godt nøgd med å få til ein fleirtalsmerknad frå utdanningskomiteen som ber regjeringa få til parallellitetskrav for læringsressursar på linje med læremiddel.

Foto: Hege Lothe

at produsentane og selskapa som lagar læringsressursar, vil følgje opp eit lovkrav, seier Erling Sande.

Når Norsk Tidend intervjuar Erling Sande etter stortingsdebatten, er han tydeleg på at dette er ein viktig fleirtalsmerknad i utdannings- og forskingskomiteen.

– Dette markerer ein viktig skanse, og eg vonar vi kan halde fram dialogen med fleirtalet vidare for å sikre betre vilkår for nynorsken og nynorskelevane, seier han.

– Fleirtalet viser både til skriveprogram og opplæringsmateriell, og eg vil be statsråden ta fleirtalsmerknadane på stort alvor og raskt styrke arbeidet på dette området.

Erling Sande (Sp)

– Kva skjer no etter at denne merknaden er vedteken?

– Eg kjem til å følgje opp saka vidare. Eg kan stille spørsmål til statsråden om korleis ho har tenkt å følgje opp saka. Eg tenkjer også at statsråden vil ha interesse av å få vedteke god politikk på dette saksfeltet.

Fleirtalet som Erling Sande viser til, er Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Raudt, Kristeleg Folkeparti og Venstre. Høgre og Arbeidarpartiet i komiteen var ikkje del av dette fleirtalet.

Over til departementet

– No må kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun (Ap) og regjeringa innfri, slik at nynorskelevane får ein digital skulekvardag på sitt eige språk. Det er viktig at vi endeleg får fjerna det kunstige skiljet mellom læremiddel og læringsressursar, seier Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.

Fleirtalet i komiteen meiner også at framtidige tildelingar til opplæringsmateriell må gå til materiell som blir utforma både på nynorsk og bokmål.

– Vi er opptekne av at nettopp når det offentlege finansierer, så bør materiellet vere på både nynorsk og bokmål, seier Erling Sande.

Fleirtalet understrekar at skriveprogram som blir nytta i skulen, må støtte begge skriftspråka, og ber regjeringa ta naudsynte grep for å sikre god tilgang på læringsressursar på nynorsk.

Kunsten, kunsten, kunsten

Lesekrise, KI-inntog og forvitring av det opplyste og tillitsfulle samfunnet. Kan hende har alle trugsmåla same løysing?

TEKST OG BILETE:
JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ – Det nye regjeringskvartalet? var framlegget mitt då Sivert Nesbø spurde kvar me skulle møtast. Eg hadde allereie vore på jakt kring dei nye blokkene etter fotomotiv som kunne gjera seg i avisa.

– Då føreslår eg heller rådhuset, sa den nyslåtte leiaren av Den norske Forfatterforening (DnF). Eg kunne vel ikkje anna enn å godta det. Tydeleg var det at det var noko han ville vise meg.

Så – eg stod i borggarden og venta då Nesbø kom gåande nedover Roald Amundsens gate. Straks var han oppe ved vasspegelen, men viste ikkje veg mot dei ventande turistane, dei køståande kunstinteresserte ved inngangen. I staden peikte han innunder svalgangen mot høgre, og eg, som er oppvaksten i Oslo og endåtil konfirmert i denne bygningen, visste ikkje heilt kva ein fann der. Det er så mykje anna å leggje merke til med Oslo rådhus, både når det gjeld arkitekturen og dei mange kunstnarane som bidrog: Dyre Vaa, Anne Grimdalen, Henrik Sørensen, Per Krohg ... men der, bakafor mursøylen, ville han vise meg *Yggdrasilfrisen*. Dagfin Werenskiöld (1892–1977) – son av Erik – sine utsmykkingar til

Sivert N. Nesbø

■ (f. 1982) er forfattar og omsetjar frå Førde. Han har gjeve ut fem bøker og ei omsetjing av William Faulkner. I vår gjekk han av som akademileiar ved Skrivekunstakademiet i Bergen for å bli leiar av Den norske Forfatterforening. Neste roman, *Kirja*, kjem til hausten.

veggane i borggarden er 16 polykrome trerelieff i svært format, hogne i limde dekkspånar av furu. Kvar for seg framstiller dei ei scene frå den norrøne mytologien; til saman er dei eit mektig tilskott til noko av det fremste norsk arkitektur og kunsthåndverk har klart å skapa.

– Det er dette som skjer når ein set kunsten i sentrum, sa han og fortalde at han pla koma ned hit for å vitja desse relieffa kvar gong han var i Oslo. Men så modererte han seg straks: Kanskje ikkje kvar gong no om dagen, for med det nye leiarvervet blei det mange turar til hovudstaden frå Bergen, der han bur. Dei siste åra har han vore ein profilert og produktiv leiar på Skrivekunstakademiet, der han sjølv har gått, og der me fyrst blei kjende då eg var student.

I det han sa, merka eg ein bestemt tone ein fort kan tolke som trassig, men som i røynda er viljefast og full av voner: Verda vår kan vera vakker om me vil det.

Kunsten fyrst

Me gjekk frå rådhuset oppover Universitetsgata, forbi Norli og antikvariatet, Tronsmo og alle forlaga. På hjørnet av Kristian IVs gate, like nedafor Det Norske Tea-



tret, peikte Nesbø opp på nokre anonyme vindaug under teksten NORGES KRISTELIGE STUDENT-FORBUND og fortalde at der sat redaktøren hans. Med inngang inntil Texburger husar Bonnier, plutselig Noregs tredje største allmennforlag, namn som Isak Dreyer og Trude Drevland, men òg Casper André Lugg og Maria Tryti Vennerød. I lag med redaktøren under versalane har Sivert Nesbø meldt overgang til det som blir hans femte forlag.

Debuten *Skårgangar* frå 2013 er den fyrste av hittil seks utgjevingar: fire romanar, ei biletbok og ei omsetjing. Dei fire romanane har nokre viktige trekk til sams: Dei er alle skrivne i ein tett og knapp, ofte stillferdig stil, gjerne med born i hovudrollene i vestlandske bygdemiljø. Bøkene finn seg til rette i tradisjonen etter Tarjei Vesaas og

Jon Fosse, ein påstand eg ikkje trur han kjenner seg framand for. Samstundes finst ein hug der, under det stille ytre, til noko drastisk og grenseoverskridande.

Då me hadde funne oss ein plass utanfor Fuglen, kaffibaren som er klemt flat av ombygginga på Ring 1, sette han i gang med å fortelja.

– Noko av grunnen til at eg kunne seia ja til oppdraget i Forfatterforeninga, var at eg i overgangsfasen hadde høve til å gjera ferdig den neste romanen. Litteraturen kjem fyrst og sist i mitt liv, og om eg kjende at jobben ikkje kom til å gå i lag med romanen, måtte eg nesten ha takka nei. Eg må ha denne boka ferdig, og no er ho snart der.


Og så sa han:

– Me må snakke om Finland.

– Det er klart me må. Fortel meg om Finland.



UTSKJERING: Dagfin Werenskiold var berre 13 år då han byrja skjera ut sine fyrste relieff i tre. Då han nærma seg 50, var han ein av fleire titals kunstnarar som fekk oppdraget med å smykke ut det nye rådhuset i Oslo. Valet fall igjen på trerelieff då han lagde Yggdrasilfrisen.



Og språket

Han fortalde om Finland, om dei endelauske skogane, dei stille vatna og dei endå meir stillfarande menneska; om det standhaftige og ubøyelege. Han kjenner seg att der. Dei siste åra har han – heilt frå botnen av – lært seg finsk. Ikkje eigentleg fordi han har nytte av det, eller ber på planar om å flytte til Finland. Så kvifor?

Medan me sat der, fortalde han om den australske forfattaren Gerald Murnane, som trass i si einspråklege oppseding i Melbourne, har lært seg fem språk til. I essayet *The Angel's Son* skildrar Murnane korleis han ved hjelp av kassetar og radioprogram lærer seg det ungarske språket, totalt framandt for engelskspråklege øyro: «On a memorable day in May, 1998, I found myself approaching the only Hungarian person I knew. He was

a retired truck-driver from my own suburb. I had never so much as nodded to him previously, but on the memorable day I addressed him in my halting Hungarian. He embraced me as though I was a long-lost compatriot.»

Det var eit anna uralsk språk som fengde Sivert Nesbø, men tråa verkar lik, tenkte eg – tråa etter det krevjande og umoglege, det som krev tid og tolmod.

– Eg har slik sans for folk som tenkjer at helvete heller, det skal vera vanskeleg, sa han.

Resultatet av det finske strevet kjem i september i form av romanen *Kirja* (det finske ordet for «bok»), eit heilt annleis prosjekt enn romanane som har kome til no. Denne gongen dreier det seg om sjølv språket, og særleg om det å omsetja. I sentrum står romanen *Uuni* (2009) av Antti Hyry (1931–2016), som han har sett om frå finsk, og dermed, ord for ord, sjølv tileigna seg språket. Han har tidlegare publisert éi omsettjing, *Framom døden* (Skald, 2021) av William Faulkner, og sjølv om originalen er skriven på ei form for engelsk, var ho heller ikkje eit openbert val for ein omsetjar utan røynsle.

– Det er noko av det mest kunstnarisk ambisiøse eg har gjort. Eg angra veldig medan eg heldt på med det: Skal eg liksom setja namnet mitt på dette her? Men det er noko viktig med det der også, som

å omsetja ein finsk roman utan å kunne språket: Det må vera såpass for at det skal vera verdt det. Det må vera såpass.

Om lesing

For Den norske Forfatterforening er det to hovudsaker om dagen. Den eine er lesekrise.

– Lesekompetansen har stupt. Me ser urovekkjande tal i skulen og når det gjeld sal av skjønnlitteratur. Det blir seld færre bøker år for år for år.

Ifylgje Bokhandlarforeininga blei det i 2025 selt 665 411 bøker i kategorien norsk skjønnlitteratur for vaksne. Det er rett nok ein liten oppgang frå 2024, men framleis langt unna toppåret 2020, då talet var oppunder millionen.

– Så har regjeringa vakna. Me får eit leselyft, og me får lesekommisjonen, og me snakkar utruleg mykje om leselyst i alle samanhengar. Men så er det også den dimensjonen som handlar om kunst: Er det tilstrekkeleg at alle les, uavhengig av kva det er? Det er rett at me må bli flinkare til å lesa som samfunn. Men me må òg hugse at kunsten har ein funksjon i seg sjølv. Det var difor eg tykte det var fint å møtast ved rådhuset, og få denne linja opp til regjeringskvartalet.

Ser ein for lenge på Oslo rådhus, kan ein kjenne den sentimentale tanken stige: Kvifor har me aldri klart å prestere noko som

– For oss handlar det om å insistere på verdien til kunsten, og på plassen han skal ha i samfunnet vårt.

Sivert N. Nesbo

dette igjen? Kvar blei det av desse ambisjonane? Eg tenkte tilbake på det han sa framfor relieffa: «Det er dette som skjer når ein set kunsten i sentrum.»

– Det er uttrykk for ei heilt anna tenking kring kva ein kan tilata seg å bruke pengar og ressursar på, og på kva ein vil gjeva ein prominent plass i bybiletet.

Eg freista meg frampå:

– Står de i DnF i fare for å representere eit reaksjonært syn?

– Tvert imot. Forfattarforeininga står fast på eit kunstsyn som er djupt antikonservativt. For oss handlar det om å insistere på verdien til kunsten, og på plassen han skal ha i samfunnet vårt. Om me er forplikta på noko, er det på eit kunstnarisk språk og på at moglegheitene i språket skal utviklast, utvidast, stendig arbeidast med. I dag er det på somme område nærmast ein radikal posisjon.

Om tanken

Den andre utfordringa er kunstig intelligens. Våren 2026 har gjeve hovuda i bokbransjen mykje å tenkje på, med hyppige høve til å ransaka både seg sjølv og kollegaane. Medan eg skriv dette, har Cappelen Damm nett trekt attende boka *Lise vs. Gianni*, tilsynelatande skriven av tidlegare fotballtopp Niels Røine, fordi det viste seg at store delar av teksten var generert av kunstig intelligens. Ved det høvet blei Noregs største forlag avslørt av NRK-meldar Jonas Hansen Meyer, og deretter grundig prylt av eit samla kulturkommentariat. Men det seier seg sjølv at det er mykje som går under radaren; noko som nærmar seg fusk og svindel, men mest av slikt som berre er heilt greitt – det vil seie, greitt nok.

– Ei KI-generert novelle har nettopp vunne ein litterær pris i

Storbritannia og blitt publisert i eit anerkjent litterært tidsskrift. Det seier noko om kvar me er på veg: Til ein situasjon der auken i mengda tekstar som er tilstrekkeleg gode, vil bli heilt enorm. Me vil få så mykje tekstmateriale som er godt nok.

Men i staden for å slå ned på utviklinga, ser Nesbø ein alternativ utveg:

– Kanskje meir enn nokon gong er det behov for å avgrense det som er eksepsjonelt, det som er sær-eige, spesielt, og det som har noko kunstnarisk naudsynt ved seg. Me har lenge levd med ein vekst i tekstar, i tal på bøker, meiningar, podkastar og ytringar. Og mykje av dette blir på ein måte godt nok. Mange menneske har god nytte av KI til å formulere seg. Og så kan du seia: Ja, glattare og meir generisk. Men for mange vil det opplevast som at dei uttrykkjer seg betre.

– Korleis skal me avgrense det? spurde eg.

– Eg trur det handlar om å ta på alvor den estetiske og den kunstnariske dimensjonen. Å insistere på kunstens verdi. Og eg trur det finst eit sug i befolkninga etter ordentlege, menneskeskapte kulturuttrykk.

Og om kunsten

Me sette frå oss kaffikoppene og gjekk det siste stykket opp til regjeringskvartalet. I ei av dei stengde gatene såg eg ein reklameplakat for *En tornefull dans*, utstillinga Munch-museet skipar i sumar med den britisk-portugisiske kunstnaren Paula Rego. Eg tilrådde Nesbø å sjå ho, fekk han sjansen, men tenkte: Særleg her i Oslo, er det ikkje slik at kunsten har teke stadig meir plass i byen? Munchmuseet, sjølvsagt, men også Astrup Fearnley, Nasjonalmuseet, det nye Deichmanske?

– Eg har mykje godt å seia om det offentlege, om styresmaktene og KORO og NRK, sa Nesbø. – Me er langt framme på mange vis, og det finst flotte folk i politikk og forvalting som tek mandatet sitt på alvor. Men det er ikkje nok. Det blir aldri godt nok.

Me kryssa Akersgata og kom fram til branntomta etter ein av dei største kunstdebattane i Noreg i nyare tid: hølet etter Hammersborgtunnelen og Y-blokka. Ved sida av krateret har A-blokka reist seg, fylt med tusenvis av statlege byråkratar. Innfor døra kom me så vidt, men ikkje langt nok til å sjå det over 700 kvadratmeter store kunstverket *AAhka* av Outi Pieski; dét måtte me berre ana gjennom glaset. Matias Faldbakens nasjonale 22. juli-minnestad ved Høgblokka var framleis under oppføring, snart klar til 15-årsmarkeringa. Og framfor oss låg Jumana Mannas innfelte steinmosaikk *Sebastia*, som sjølv om han er mest omdiskutert av dei nye utsmykkingane, knapt kan måle seg i merksemd med kunstverket bortafor: *Fiskarane* av Pablo Picasso og Carl Nesjar frå 1969. Det sandblåsne, no avskorne relieffet



OPTIMISTISK: Det er mange utfordringar å fokusere på for den nye leiaren av Den norske Forfatterforening, Sivert N. Nesbø. Sjølv er han vonfull: – Eg trur det held på å vende, seier han.

er flytta frå panna på Y-blokka til hælen på A-blokka, og tener som blikkfang på Einar Gerhardsens plass, no gjenfodd som verdig, stille byrom med vasspegel og politibil. Er det ikkje dette som er å setja kunsten i sentrum?

– Det er jo ein historisk periode me har gått gjennom dei siste ti åra, med hjernerøte, distraksjonar, fall i lesekompetansen, sa Nesbø.

– No ser det ut som om pendelen er i ferd med å snu. Spørsmålet er berre kor langt han svingar tilbake.

Eg trur det held på å vende: Folk les meir, folk er meir interesserte i litteratur og kunst, dei legg vekk mobilar og andre distraksjonar. Men dei skal også lære seg opp att i alt det dei har brukt ti år på å gløyme.

Livet, språket og «resten»

Har vi språk til å gjera meining av det som skjer rundt oss?

MARIA TRYTI VENNERØD, DRAMATIKAR

Framført på den nasjonale språkkonferansen *Skal vi snakke om det?* i Førde 29. april 2026.

Hei,
Eg skal snakka om *meining* — og om det å prøva å få tak i verda og kvar-
andre ... med språk. Og med kva slags språk?

Inngangen min er ikkje akademisk, for eg er ikkje akademikar.
Men eg har vore opptatt av desse tinga veldig lenge.

1

Da eg gjekk på vgs. i Førde skulle vi halda foredrag for klassen om eit val-
fritt tema. Eg hadde funne ei bok om Wittgenstein.
I boka stod det noko om at *der Gud før var ein absolutt autoritet*, slik at du
kunne visa til Gud viss du ville vera heilt sikker,
og at det var *nok*, fordi Gud var sjølvforklarande,
så var Gud no bytta ut med vitskapen.

Slik at viss du i vår tid skal visa til noko absolutt, noko som ikkje treng
vidare forklaring, så er det ikkje lenger Gud som gjeld, men det som er
vitskapleg bevisbart. Eller i praksis: At forskinga seier ditten og forskinga
seier datten (og då må det vera sant).

2

Men seinare la eg merke til noko anna. Det er ikkje berre er *vitskapsspråk*-
ket som har tatt over:

I 1995 gjekk eg på United World College i Canada. På IB-linja der hadde
eg økonomi som fag.
Og da var utgangspunktet kapitalismen, som jo er eit system der prisane,
og dermed produksjonen og *alt vi driv med*, blir bestemt av tilbod og etter-
spørsel (den usynlege handa). Veldig fint og effektivt.

Problemet er berre, lærte vi, at du må ha kjøpekraft for å etterspørja.
Elles tel du ikkje med. Dette er eit problem, både for den einskilde og for
samfunnet som heilskap.

Men! lærte vi vidare. Med skattar og avgifter på den eine sida, og subsi-
diar på den andre, så kan vi *regulera kapitalismen* slik at *alle interesser blir*
ivaretatt. Viss *allting* blir prisa med sin eigentlege verdi, altså justert av fel-
lesskapen med skattar og subsidiar, så kan den usynlege handa løysa *alt*
(!!) for oss.

Premissen er at *alt som betyr noko* — enten det er natur eller fellesskap
eller tryggleik eller ytringsfridom eller kva som helst — kan omsetjast til
kroner og øre.
Og at vi menneske er villige og i stand til å gjera nettopp det.
Eit perfekt system altså. Logisk fundert — treng ikkje bevis. Med rett

Maria Tryti Vennerød

■ (f. 1978) bur på Nesodden, men er oppvaksen i Sogndal og Førde. Ho er ein prislønt
dramatikar, og ho fekk Ibsenprisen allereie i 2005, som den yngste nokon gong.
Sidan da har ho skrive for små og store scener, og i 2023 kom hennar første
roman, *Nære relasjonar*. Vennerød er fast spaltist i *Klassekampen*.

verdisetjing kan ein *rekna* seg fram til *kva som helst*.
Viss ein kjem ut med feil svar, så har ein berre ikkje plotta inn riktige
verdiar.

Og denne tenkemåten har breidd om seg. Noko valdsamt, vil eg påstå. Øko-
nomispråket har som kjent trengt seg inn på alle livsområde. Til dømes:

«Eg kranglar med mannen min ein gong i veka. Det er negativt, men vi
ligg saman to gonger i veka. Rekneskapen blir likevel ikkje 2 minus 1, for
kranglinga trekker meir ned enn ligginga trekk opp. Sjølv om han er god
i senga. Og sjølv om han god til å laga mat — for han rotar så fælt, og det
må også inn i reknestykket ...»

Kva puttar eg inn, og kva får eg ut.
Det er spørsmålet.
Og det må optimaliserast.
OPTIMALISERINGA har fått øvste autoritet.

Det er ikkje nok å gå i pluss, nemleg! Viss eg kunne gått meir i pluss ein
annan stad, altså med ein annan mann, så blir det som tap å rekna:
Da blir det skilsmisse.

ALT er økonomi. Økonomispråket har fått stor og kanskje større autoritet
enn vitskapsspråket — medan Gud har utspelt si rolle.

3

Men så.
I vår tid har det komme enda eit knepp.
«Kva skal eg gjera viss sann og sann?»
«Da må du gjera sann og sann.»
«Men kva viss sann, da?»
«Da må du gjera sann og sann.»

Vi har blitt besette av oppskrifter.
Og ikkje berre det. Vi søker algoritmar. Enda eit nytt paradigme har stige
fram, nemleg DATASPRÅKET. Det digitale.
Robotane er så eintydige og oversiktlege, og vi trur det er bra. Eigentleg
skulle robotane etterlikna oss, men i staden har det blitt vi som etterapar
maskinene.

KVA LØNER SEG? (økonomiens spørsmål) — har fått ein fetter som spør
KVA VERKAR?

Eit teikn på at eit DATAITERANDE SPRÅK har tatt over, er alt snakket
om *hjernen*.

Psykologar, legar, lærarar, journalistar, forfattarar, og ikkje minst barna våre snakkar slik. «Kva skjer i hjernen?» Vi snakkar om hjernen, non stop, alle saman — i staden for til dømes sjela, eller sinnet eller psyken.

Vi snakkar om mennesket som ein liten dings, eller ein liten pudding inni kraniet. Som om livet utspelar seg inni den grållilla kjøtklumpen.

Hjernen «prosesserer» informasjon. Kjensler er signal som vi kan dekode og regulera. Mange vil «snakka om det» — men dessverre, ofte, med denne hensikta: at kjensler og åtferd skal identifiserast, erkjennast og snakkast om, for så, VELDIG OFTE: Å FJERNAST. Som om vi forventar at noko kan (eller skal) seia «klikk!» og så falla på plass.

Og i kjølvatnet kjem noko enda verre: At alle problemstillingar som høyrer livet til, blir ramma inn av eit språk som består av o og 1.

Slik er nemleg algoritmane: Ja, nei, og så går du vidare. Ja, nei, og så neste spørsmål. Det er eit binært, eit legokloss-aktig system. Alt skal setjast opp som reknestykke, og enda verre: reknestykke med berre o og 1 som moglege verdier.

Diagnosar, til dømes, kan vera praktiske fordi dei kommuniserer raskt. Psykisk smerte og symptom er noko reelt som må takast alvorleg, og diagnosar kan utløysa både forståing, rettigheter og til og med status.

Problemet er viss vi sluttar å spørja KVIFOR folk har det som dei har det. Viss det vanskelege blir gjort til noko tilsynelatande enkelt eller oversiktleg. Viss vi sluttar å sirkla inn lag på lag av sanning om kva som er problemet, slik Peer Gynt gjorde, med lauken: lag på lag av sanning ...

I Peer Gynt var forresten dette med lag på lag noko negativt, men i dag har vi gått for langt andre vegen. Det blir som Dovregubben som er seg sjølv nok: «Eg er deprimert». «Eg treng D-vitamin, eg treng søvn, eg treng medisin, og sånn er det, for eg er deprimert.» «Kvifor er du lei deg?» «Fordi eg er deprimert!» ... Folk formulerer seg slik: «Eg er ein person som sånn og sånn» altså som om mennesket er noko oversiktleg og ferdig definert... og DET!!

4

Akkurat det.

Det er mitt hovudpoeng i dag. Den feilaktige trua på at mennesket er eit vesen det er mogleg å få taket på.

For kva slags vesen er no eigentleg mennesket? Og kva språk og kva verd lever vi i? Det er ganske viktig når denne konferansen spør «Skal vi snakka om det?»

Skal vi snakka om det som er?
Om kva som løner seg?
Om kva som fungerer?
Eller kan vi gi rom for heilt andre type spørsmål, til dømes:

Kven er du eigentleg?
Kva drøyer du om?
Kva er du redd for?
Kva vil du?
Kor kjem du frå?
Kva betyr det for deg
Og kvifor er det så vanskeleg for deg å svara, og kvifor er det så vanskeleg for meg — å høyra på?

Tingen er jo — og dette har mennesket eigentleg visst til alle tider: at ting er **både** — og.
Livet og mennesket er gåtefullt.
Jesus hang på krossen og ropte og mista trua, før han døydde.
o er ikkje o, og 1 er ikkje 1.

Ting kan vera sant og usant på ein gong. Fleire ting kan vera sant på likt.
Eg elsker deg OG hatar deg.
Eg HAR gitt opp, men eg HÅPAR likevel.
Eg ER mett, men eg vil ha meir.

Joseph Campbell studerte mytar frå heile verda på 60-talet. Han såg at veldig mykje i mytane er likt verda over, på tvers av kulturar. Mytane handlar om individ som står i spenn mellom ulike krefter, mellom godt og vondt, mørkt og lyst, krefter som vil lausriva og krefter som vil smelta saman.

Joseph Campbell formulerte det han kalla *monomyten*. Han meinte at alle historier spinn over det same dramaet, som eigentleg er menneskelivet:

Før vi blir fødte er vi del av universet. Vi er universet, for universet omsluttar oss, slik livmora omslutta oss. Livet byrjar med at vi blir rivne ut av livmora. I løpet av 3 år eller 18 år eller 45 år — eller kor lang tid det no tar — litt og litt frigjer vi oss frå mamma og «resten» — og forstår litt etter litt at vi er fråskilde individ, noko anna enn «resten». Det er nesten som vi trur vi er noko heilt anna enn universet. Vi er sjølvstendige. Først når vi er på toppen av individuasjonen, kanskje når vi har blitt foreldre, byrjar motsett reise — at vi vender oss *tilbake* mot det som vi før har lausrive oss *frå*. I denne motsette rørsle prøver vi å binda oss saman med «resten», typisk når vi byrjar med hage, ølbrygging, veving, vi pleier band og familie og det som er større enn oss sjøve ... og til slutt ligg vi i moder jord igjen, i jorda, og på nytt har vi blitt *eitt med alt*.

Joseph Campbell meinte at grunnkonflikten i alle historier, på tvers av kulturar, er konflikten mellom trongen til å lausriva seg (vera fri) og trongen til å smelta saman (høyra til). Mennesket prøver å plassera seg i forhold til «resten». Dette er åndelege spørsmål, men også relasjonelle og eksistensielle spørsmål — som menneska har bala med i mange tusen år.

5

Å leita etter MEINING er URMENNESKELEG. Psyken er eit indre teater. Psyken søker og skaper meaning gjennom forteljingar der ulike krefter står i spel. Dette er menneskenaturen. Du kan kalla det guddommeleg, men det er urgammelt. Psyken er avgjerande for kva som gjer oss til menneske.

Når vi fornektar dette blir vi fattige — og sårbare i møte med dei som veit å utnytta lengslane våre. Eg trur vi er mange i dag som går med ein eksistensiell svolt.

Vi treng eit språk for det umoglege og uforståeleg. At etter natt kjem dag, at etter undergang kjem nytt håp, at størstebukken må sjå trollet i kvitaug for å komma seg til seters og bli feit.

Psykiateren og Auschwitz-fangen Victor Frankl observerte i konsentrasjonsleiren — at evna til å finna meaning var viktigare for overleving enn den fysiske utrustninga. Og vi veit, at utan kontakt med omverda dør babyar, og vaksne kan ta livet av seg viss meininga forsvinn.

6

Eit poetisk språk er det same som eit religiøst, mytisk språk. Det er eit språk der ting kan bety noko UTOVER SEG SJØLV.

Det er dette som er poesi! — at ting betyr noko utover seg sjølv. Og POESI OG SYMBOLIKK heng saman:

Eit symbol er noko som er enkelt og slående, men som samstundes resonnerer i betydningar langt utover seg sjølv.

Eit eple til dømes:
Eplet har stor symbolsk kraft.
Eplet betyr så mykje.



Eplet har med fruktbarheit å gjera. Med paradís, med Adam og Eva å gjera, det kan ha med femininitet å gjera.
Og det kan ha med GIFT å gjera, jf. Eva, eller hekse som gav Snøkvit eit forgifta eple.

Det er Newton, som fekk eit eple i hovudet og «oppdaga» tyngdekrafta, det er legenda om Wilhelm Tell, som blei tvinga til å skyta eit eple plassert på hovudet til sonen.
Å bruka «Apple» som merkevare er genialt.
Eplet betyr så mykje.
Eplet er mykje meir enn ein banan. Bananen er berre plump. Kvifor er bananen verdas mest komiske frukt?

Og tenk på juletreet!
Treet med raude kuler, det er denne tanken å gå i ein mørk snødekt skog om vinteren, og så plutselig står det der, det magiske treet!
Som lyser opp, heilt fantastisk, med raude eple. Eg trur juletreet er eit urbilete, ein arketypisk urlengsel etter det der treet med eple på, i den mørke skogen.

Ein kan eigentleg sjå på kva som helst med eit poetisk blikk.
Det er eit blikk som tillegg verdi. Og betydning.
Ein blomst, eit menneske, ein kjærast.

Det er det poetiske blikket — til det poetiske mennesket.
Det er det motsette av ei verd som berre søker presisjon.

SÅ: Kva taper vi når vi lever i ei verd som heile tida søker presisjon og optimale svar? Eg har sjølv sete på Tinder og tenkt at viss eg berre skriv den optimale profilteksten, så vil eg nå den optimale mannen, for da vil han forstå at eg er den optimale dama, og så skal det seia KLIKK!
Og så gløymer eg, som alle andre idiotar der ute, at vi alle er poetiske fjottar som flyt mellom det bevisste og det ubevisste.
Og at relasjon aldri blir ein algoritme som seier KLIKK.
At relasjon er noko ekte, men som ikkje kan definerast i ein ferdig formel, og som aldri blir ferdigstøypt.

7

Så: Skal vi snakka om det?

Spørsmålet er viktig, og det kjem frå eit ønske om kontakt, om forståing, at vi skal angå kvarandre og komma fram til kvarandre, så svaret blir ja.

Men! Det finst eit men, og det kjem her:

Med kva forventningar skal vi snakka med kvarandre? Korleis, og kvifor. I vår tid verkar det som at vi menneske kjenner oss underlegne maskinene. Men livet, sjølve livet, er ikkje i språket. Ikkje i tala. Ikkje i algoritmane.

Livet er: *her*.

Og *her*.

No.

Og livet er ein annan stad også. Heile tida.

Begge delar.

Eg meiner sjølv sagt ikkje at vi skal slutta å snakka. Men vi må henta tilbake forståinga av oss sjølve og kvarandre som poetiske storleikar. At det ligg noko mellom oss og durrar, og at det må det få lov til.

At eit kvart forsøk på å definera ALT inn i FOR SMÅ og FERDIG-STØYPTE kategoriar, gjer oss FATTIGE og BLINDE for det SPELET AV meningsmangfald som vi badar i heile tida.

Kvar og ein av oss her i dette rommet går rundt med si eiga indre verd. På sett og vis i einsemd.

Slik sett er vi alle einsame og fortapte, vi kjem aldri lengre inn enn til den inste grinda.

Det er berre eg som har akkurat mine auge, mine øyre, mine erfaringar, min fantasi, mine draumar, mine redslar, mine hemmelegheiter. Kvar og ein av oss her inne, som etterkvart har delt ein dag saman, har hatt det på kvar vår måte. Det har ikkje vore heilt same dagen for nokon av oss.

MEN LIKEVEL!! har vi opplevd noko saman.

LIKEVEL kan vi oppleva kontakt.

8

Så la oss snakka om det.

Men la oss ikkje tru at berre vi «plottar inn all info», så vil den «gode samtala» bli ein slags algoritme eller funksjon— som skal fjerna alle konflikthar og problem.

Det vakre med *dramaet*, som Aristoteles formulerte det, og med livet, var at konflikt ikkje er noko vi skal unngå.

Konflikt er ein føresetnad for liv.

Konflikt er noko vi må tora å gå inn i. Konflikt er der vi blir kjent. Konflikt er noko vi vil måtta gå gjennom, nokre gonger til eit punkt der alt kan synast tapt og utan håp. Det er berre der, når ein gir slepp på sin fulle kontroll, at utvikling kan skje.

Dette er kanskje det viktigaste med det poetiske språket: At det gir mening til det vanskelege. For livet ER vanskeleg.

Vi treng eit poetisk språk, med symbol og helst litt kunst og med historier og bilete og fomling og famling: eit meiningssøkande språk som tar mennesket som meiningssøkande vesen på alvor, og som gir mening til liva våre.

For å komma nær kvarandre må vi godta at vi først er fråskilde.

Vi er bitar av same univers, men vi er ulike individ. Vi er subjekt.

Åleine saman, saman åleine, som Fosse skriv.

Eller det Halldis Moren Vesaas skreiv om komma inn til den inste grinda ...
men berre dit.

Dig vil jeg ømt i rytmer nagle fast, skreiv Olaf Bull. Det er veldig fint! ...
Dig vil jeg ømt i rytmer nagle fast —

men la oss ikkje gjera det i algoritmar.

Takk for meg.

Å drepa eit språk eller berge det

Det irske språket treng ein redningsaksjon. Heldigvis står hjelpemannskapa klare med ein plan. Men får dei ressursane dei treng for å lukkast?

JÓGVAN HELGE GARDAR
helge.gardar@nm.no

■ På eit tog mellom Dublin og Belfast kom eg i prat med ein ung ire i dress. Eg spurde om han hadde lært irsk på skulen, og kva han tenkte om det som ganske nyleg var fyrstespråket til fleirtalet av landsmennene hans.

– Det døy, sa han usentimentalt. Jau då, han hadde hatt det på skulen og var dugande nok, meinte han. Men etter eksamen hadde han aldri brukt det. Eg fekk heller ikkje inntrykk av at han hadde planar om å starte. Det viste seg at han jobba med kraftutbygging og var budd med ei samanlikning. Det irske språket var som den seigliva og stillesitjande, men sterkt truga elvemuslingen, sa han. Ein kunne kaste så mykje pengar ein ville på han (og Noreg brukar millionar kvart år), men resultatet ville bli det same:


– Det er håplaut. Han kjem til å døy ut.

Eit språk utan hell

Det keltiske nasjonalspråket i Irland, Gaeilge, stod sterkt fram til 1800-talet, då fleire omveltingar i samfunnet gjekk hardt ut over folkemålet. Engelsk fekk forrang i skulen og utkonkurrerte irskens status, men det var hungersnauda på 1840-talet – An Gorta Mór – som verkeleg tok knekken på det. Ein reknar med at over ein million menneske døydd, og fattige, irsktalende bønder var overrepresenterte blant dei. Endå fleire millionar emigrerte. Ved århundreskiftet var folkesetnaden nær halvert frå toppen på 8,5 millionar. Og av dei som var att, var det under 20 % som snakka irsk.

Språkdaude og språkdrap

I vår kom reportasjeboka *How to Kill a Language* av den britisk-italienske språkjournalisten Sophia Smith Galer. I tillegg til å skrive for tradisjonelle medium, har ho slått seg stort opp i dei vertikale videoformata. Formidlingsarbeidet hennar er eit av dei beste døma,



Sophia Smith Galer:
How to Kill a Language: Power, Resistance and the Race to Save Our Words
William Collins,
London 2026

tykkjer eg, på kva sprengkraft som låg i dei sosiale media, var det ikkje for algoritmane og storkapitalismen.

I boka fylgjer Galer opp det same prosjektet ho lenge har drive på nett: å gjeva merksemd til det vanvettige kulturtapet som foregår over heile verda når eitt etter eitt av språka våre døy. Ho nyttar konsekvent ordet *linguicide* på engelsk – her ville me kalla det språkdrap. Og språkdrap kjem i mange ulike former: Dei kan vera både overlagte og forsettlege, men kanskje oftast er dei aktlause, utførte av statar og folk som kunne og burde visst betre.

I 2026 er det framleis over 7000 språk som vert tala i verda, men over 3000 av dei er truga. Før hundreåret er omme, er det estimert at om lag halvparten av språka me har i dag, vil døy ut. Nokre av dei vil vera godt dokumenterte og teknisk sett moglege å vekkje til live att, men dei fleste vil forsvinne.

Galer er ikkje så oppteken av dei store tala. Ho rettar heller blikket mot dei einskilde lagnadene, mot menneska, og viser at dei

tapar så mykje meir enn berre ei kommunikasjonsform. I lag med språket smuldrar også slektskap, eigenart og bandet til jorda sjølv. Stendig forsvinn desse folka inn i den globaliserte, urbane monokulturen, der einspråklegheita rår, og der den einaste vegen attende går via eit talemål dei ikkje lenger kan.

Britisk skuld

Det er ikkje tvil om at den britiske staten har mykje å svara for i Irland. Galer skriv: «Schoolchildren in England and Wales in the nineteenth and twentieth centuries were forced to wear tally sticks around their necks, notched for every time they spoke their native Celtic languages, before they were hit at the end of the school day for how many notches they had accrued.»

Hadde britane aldri teke seg til rette, ville irsk vore det sjølv-sagte språket på øya. Det gjer boka ekstra potent at Galer skriv i Storbritannia, der det store fleirtalet aldri lærer seg eit språk nummer to, men der språk nummer ein kvar einaste dag utsett for språk-mangfald både heime, i dei gamle koloniane og jamvel i dei fleste andre land og. Fleire stader i verda møter ho menneske som framleis er tospråklege, men der dei før kunne to eller fleire av sine eigne, lokale språk, kan dei no berre to: eit privilegert nasjonalspråk – og engelsk.

Galer skildrar eit typisk språk-tap over tre generasjonar: Frå ei bestemor som snakkar språket flytande, til ei tospråkleg mor, til ei funksjonelt einspråkleg dotter som kanskje forstår noko av språket til bestemora, men som ikkje kan tala det sjølv. Det er ein vanleg mekanisme blant innvandrarborn, men det skjer også i familiar som heile tida har budd på same stad.


Overgangar som denne har ført til at under 3 % av folkesetnaden i den irske republikken no snakkar språket «very well», ifylgje folketeljinga frå 2022. Det er langt fleire som har noko irsk, men talet er

lågt når ein hugsar at språket er obligatorisk i skulen for alle.

Men irsk ansvar

Sjølv om det historiske ansvaret ligg på britane, har den irske staten hatt høve til å snu trenden i hundre år. Dèt har han ikkje gjort. På 20-talet definerte den irske fristaten såkalla Gaeltacht-område, som var avgrensa distrikt der irskens stod sterkast. I dag er områda, som stort sett ligg på vestkysten, framleis viktige som heimstader for dei få som har irsk som fyrstespråk. Dessutan inviterer dei inn born frå resten av øya til språklearar om sumrane. Men også desse stadene har opplevd store språktap dei siste tiåra: Der 87 % kunne irsk i 1961, er prosenten no nede i 66 % av dei 106 000 innbyggjarane.

Sophia Smith Galer deler opp språkdrap i minst ni ulike typar, og tvillaust finst det mange fleire nyansar. Dei mest openlyse er dei som følgjer med krig og konflikter, etnisk reinsing og andre brotsverk; i boka står ukrainsk, kurdisk og ladino/jodespansk som døme på slike lagnader. Nokre stader, som



TOSPRÅKLEG: I Nord-Irland vart det irske språket offisielt fyrst i 2022. 6,9 prosent oppgjev å kunne språket, men berre 2,4 prosent snakkar det dagleg. Cultúrlann Uí Chanáin i Derry er eit av fleire irske kulturhus som jobbar for å spreie det irske språket også til dei som kan lite frå før.

Foto: Jógvan Helge Gardar

i Italia og Frankrike, har ein sett på minoritets- og regionalspråk som naudsynte offer i skipinga av nasjonalstatane. Andre stader igjen har historiske omstende ført til ei sakte vending mot eitt språk framfor andre, driven fram av ignoranse, vantande vilje eller mangel på ressursar, eller ein god miks og meir til. Det er ein slik fase det irske språket er i no. Det veletablerte fyrstespråket engelsk kjem ikkje lenger med vald og våpen, men med fordelar og moglegheiter. Irsken, som lenge hadde rykte på seg for å vera språket til dei svoltne og fattige, slit med å konkurrere, særleg når det skortar slik på innsats og ressursar frå styresmakter i både sør og nord.

Redningsaksjon

I slutten av mai var staben i Noregs Mållag på studietur til Irland og Nord-Irland. Der var me for å lære om den irske språksituasjonen og kampen for å gjera det irske språket til allemannseige på ny. For sjølv om stoda ser skral ut no, er det ikkje mangel på krefter som vil gjera noko med henne. I dag er det kring 55 000 elevar

utanfor Gaeltacht-området som går i såkalla Irish-medium education, det vil seie skular der irsk er fyrstespråket. 8 000 av dei bur i Nord-Irland. Det utgjer ein låg prosent av elevmassen på ei øy med 7 millionar innbyggjarar, men ein skal berre eit par generasjonar tilbake før talet var tett på null. I nord har Comhairle na Gaelsco-laíochta (Rådet for irkspråklege skular) ansvar for å fremja posisjonen til det irkspråklege utdanningssystemet der det no ikkje er nok skuleplassar til alle foreldre som ynskjer det.

I november fekk Nord-Irland sitt fyrste irske språkombod, Pól Deeds. Rolla hans er å fylgje opp bruken av irsk i det offentlege. I møte med Mållaget gav han uttrykk for at fullmaktene – og ressursane – gjerne skulle vore mykje større, men at skiping av ombodet var ein viktig start i eit land der språket så ofte har vore gjenstand for både vald og politiske hestehandlar.

Og i Belfast møtte me Linda Ervine, som driv det einaste irske utdanningstilbodet aust i byen, der protestantane dominerer. Ho

kjem sjølv frå ein familie med unionistar, og har fått mykje merksemd for forsøket ho gjer på å fjerne det tradisjonelle skillet mellom protestantane og det irske språket. Ho kunne fortelja at mottakinga til tider har vore steil og trugande, men at oppslutnaden berre veks. Ho hadde ingen planar om å gjeva seg.

Språkstrid nyttar

Haldninga til den dresskledd iren på toget er ikkje uvanleg, korkje i Irland eller noko anna land i heile verda. Ho er eit typisk argument mot å trå til for dei fleste mindretalsspråk – også nynorsken: Kva nytte har det å redde eit døydande språk? Fleire gonger på turen fekk me høyre at den jamne irske ungdom såg stor verdi i tospråklegheit, men at det som regel tydde å lære seg engelsk og eit framand språk. Men me fekk også høyre at ungane som vaks opp i dei irkspråklege skulane, og då lærte seg engelsk som andrespråk, ofte hadde vel så gode resultat i engelskfaget som dei einspråklege elevane.

I grunnen er budskapet til Sophia Smith Galer den same som

budskapet til Pól Deeds, Linda Ervine og alle dei andre språkaktivistane me møtte i Irland: Verda blir fattigare om me aksepterer at språka våre døyr. Heldigvis treng me ikkje akseptere det.

Mange av språka i verda kjem til å forsvinne i løpet av dei neste generasjonane, i lag med så mykje anna biologisk mangfald. Galer skriv: «In the face of so many obstacles and so much wilful neglect, we've seen time and again that it's speakers who pick up the slack where governments fail.» Men av og til kan styresmaktene koma etter, berre dei blir tvinga til det.

Igjen og igjen på turen fekk me høyre at tida vår er ein unik historisk augneblink for det irske språket. Ei kulturell vekking breier seg over den grøne øya, særleg innanfor musikken, og kveikjer ungdomen til å omfamne folkemålet dei har mista. Sjølv om det irske språket møter både hindringar og likesæle i rikt monn, er det rett og slett ikkje sant at det kjem til å døyt ut. Til det finst det altfor mange som står klare til å forsvare det.

Nynorskveka feira over heile landet

Nynorskveka frå 6. til 12. mai er blitt ei **årleg feiring** av nynorsken.

■ Både kommunar, statsministeren, skular, barnehagar, bankar, handlesenter, lokale mållag, bibliotek, forlag, parti, statlege etatar, næringsliv og arbeidsliv deltok i feiringa i år.

Statsminister Jonas Gahr Støre gratulerte alle med nynorskdagen i ei eiga videohelsing. Og Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag var i eit godt møte med kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun, på sjølvaste nynorskdagen! Tema for møtet var opplæring og vurdering i den viktige sidemålsordninga.

Fleire kommunar heisa flagget. Både Luster, Valle, Hjelmeland, Masfjorden, Sveio, Fedje og Gloppen gjorde det. Gloppen hadde like gjerne ei markering med mange elevar og lærarar og appellar.

Det var tog med korps i Oslo, Ruter gav informasjon på buss, trikk og bane i heile Stor-Oslo på nynorsk, og mange lokallag nytta høvet til å markere dagen.

Takk for i år!



1



5



2




3



6



4




Statsminister Jonas Gahr Støre gratulerte med dagen og forsvarte opplæring og karakter i skulen!

Helsing frå statsministeren

Kjære elevar og lærarar over heile landet, eg gratulerer dykk med nynorskdagen! I dag feirar vi at nynorsk og bokmål er to likestilte språk i Noreg. Og kvar gong du les, skriv eller brukar nynorsk på skulen, så er du med på å halde oppe ein viktig del av det språklege mangfaldet i Noreg, ein del av det som gjer landet vårt til det vi er. Over ein halv million menneske

har nynorsk som sitt språk, og derfor betyr opplæringa på skulen mykje. Ja, det betyr faktisk meir enn berre karakterar og grammatikk som ein del kan slite med. Opplæringa er med på å sikre at vi har nynorsk og bokmål som levande og likestilte skriftspråk i landet vårt. Det meiner eg det er verdt å markere. Til lukke med nynorskdagen!



1 Ørsta Mållag pynta Ivar Aasen-bautaen med ein blomebukett og takka for språket vårt.

2 Ruter, som står for kollektivtransporten i Oslo, hadde nynorsk på skjermene på buss, trikk og t-bane heile dagen!

3 Nasjonal digital læringsarena (NDLA) som er i bruk i vgs over heile landet, har alle læringsressursar på nynorsk!

4 Leiar Peder Lofnes Hauge var i møte med kunnskapsminister Kari Nessa Nordtun.

5 Oslo Mållag, Nynorsk bokhandel og Studentmållaget i Oslo baud på korps, tog og gatefest!

6 Riksantikvaren markerte dagen med nynorskurs og kake!

7 Sparebank 1 Sogn og Fjordane

8 Det Norske Teatret

Nye leiarar

I løpet av årsmøtesesongen har mange lokal- og fylkeslag fått nye leiarar. Takk til alle som tek på seg frivillige verv, og brukar tid på målsaka. Utan dykk ville ikkje dette vore mogeleg! Velkomne, og lukke til!

Fylkeslag:

Fylkesmållaget Vikværingen – Ole Jan Borgund
Aust-Agder Mållag – Kristian Thaule
Rogaland Mållag – Tommas Øyri Grøtterød
Karmsund Mållag – Stein Roar Kringeland
Sogn og Fjordane Mållag – Eivind Helleland
Romsdal Mållag – Siri Kiviranta
Trøndelaget – Turid Kjendlie
Troms og Finnmark Mållag – Astrid Serine Larsen
Vetthus
Østfold Mållag – Ola Sørensen

Lokallag:

Mållaget Ivar Kleiven – Arve Danielsen
Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag – Ellen Marie Sorumgård Syse
Østre Slidre Mållag – Aina Merete Karijord
Sør-Aurdal dialekt- og mållag – Kristine Brenden
Seljord Mållag – Drifa Gudmundsdottir
Vinje Mållag – Signe Årdalen
Ås Mållag – Åsmund Bjørnstad
Mållaget i Kristiansand – Inga Lauvdal
Marnar Mållag – Aanen Grimestad
Hjelmeland Mållag – Haldis Karine Nilsen
Sola Mållag – Luca Garaguso
Vindafjord Mållag – Solgunn Liestøl
Bergen ungdomslag Ervingen – Dagrun Daltveit Slettebø
Lindås Mållag – Anna K. Valle (kontaktperson)
Voss Mållag – Marit Hafting (kontaktperson)
Bergen Mållag – Ove Sverre Bjørdal
Gloppen Mållag – Veronica Hauge
Herøy Mållag – Merethe Hjertø Flusund
Haram Mållag – Birgit Oline Kjerstad
Vestnes Mållag – Petter Inge Bergheim
Lofoten og Vesterålen Mållag – Vemund Norekvål Knudsen
Nesna Mållag – Hallvard Kjelen
Senjamållaget – Fredrik Sandvik
Moss Mållag – Anders Ericson
Sarpsborg Mållag – Ragnhild Lier
Ytre Nordfjord Mållag – Øystein Sortland

Laurdagsseminar for kritisk nytenking om språkpolitikk

Fylkesmållaga i Møre og Romsdal arrangerer språkpolitisk dagsseminar med Ottar Grepstad på Molde 17. oktober. Seminaret «Vilkåra for nynorskbrukarar og andre mindretal i demokrati» er ope for alle. Noregs Mållag heidra Grepstad med Målprisen 2025 «for eit livsverk med strategisk og kløktig arbeid for å styrkje nynorsk skriftkultur og institusjonsbygging». Gjennom tre foredrag på seminaret inviterer han til kritisk nytenking om språkpolitikk. Han går djupt inn i dei vanskelege sakene som ventar i lys av 2050-vedtaket på landsmøtet i Noregs Mållag i april. Han ser på ei utsegn av Ivar Aasen som andre språkforskarar og nynorskbrukarar har vegra seg for å snakke om. I 1985 heldt han foredraget «Tretten forsøk på å kritisere målrørsla», og 40 år seinare prøver han på nytt.

På seminaret er emneknaggen hans bokverket «Silkevegar i språk og skrift». Dette kjem ut 8. september, og Grepstad har varsla at dette er den siste trykte boka han gir ut.

– Det vert ordskifte etter kvart foredrag av Grepstad, som vi vonar vil gje oss meir innsikt og handlegraft i målsakarbeidet, seier Øyvind Fenne i Romsdal Mållag. Meir informasjon med program og praktiske opplysningar kjem i neste nummer av Norsk Tidend.

Målpris i Vinje

Vinje Mållag har lang tradisjon for å dele ut prisar til næringslivet. Prisane går til bedrifter som nyt-

tar god nynorsk i marknadsføringa si. På årsmøtet i mållaget blei det denne gongen delt ut to slike prisar: Lindskog-Auto-Service AS og Vinje Motorservice AS har begge synt vilje og evne til å bruke nynorsk, ikkje minst i profilering på sosiale medium. Slik synleggjer dei ein tydeleg identitet og kor dei høyrer heime. Begge bedriftene har gode resultat og viser veg for bruk av nynorsk i vår tid. – Dei er verdige vinnarar som me håpar vil vere til inspirasjon for anna næringsliv, seier Svein Kostveit.

Målblome til Lars Emil Berge

– Ein er meir truverdig når ein brukar sitt eige språk, sa Lars Emil Berge då han fekk tildelt Målblomen frå Kvinnherad mållag på årsmøtet på Husnes, 3. mars. Lars Emil Berge er styreleiar i Småkraftforeninga, ei landsdekkjande foreining for dei som driv småkraftverk eller arbeider i småkraftbransjen. Som leiar skriv Berge skriv ofte lesarbrev og innlegg i aviser og andre media over heile landet, alltid med ein god og konsekvent nynorsk. – Nynorsken er viktig for oss i Småkraftforeninga, sa Berge i innlegget sitt. – Han handlar om kven me er, kvar me kjem frå og kva fellesskap me høyrer til, sa mottakaren.

Målpris til Eigunn Stav Sætre

Nordmøre Mållag arrangerte årsmøte laurdag 14. mars på Surnadalsøra. Der vart Eigunn Stav Sætre tildelt målprisen for 2025. Grunngevinga for prisen var slik: «Både gjennom jobb i fylkeskommunen og i Kristiansund kommune har Eigunn vore tru mot den norskopplæringa ho fekk med seg heimafrå. Etter at ho kom inn som direktør i Nordmørsmusea, har ho vore heilt klar på kva målform ho skulle nytte i sitt virke. Det krev både mot og styrke å stå imot i ein bokmålsbastion som museumsverda på Nordmøre tradisjonelt har vore. Vi er både glade og stolte av å ha slike som Eigunn med oss på laget som ein god representant frå kulturlivet på Nordmøre».

JAN KLØVSTAD

Hulda Garborg på Agder

Arnhild Skre heldt foredrag om Hulda Garborg som nasjonal strateg i Steenhuset Vinbar i Arendal 18. mars. Ho trollbatt forsamlinga, som fylte opp vinbaren. Arrangementet var eit samarbeid mellom vinbaren, Arendal dialekt- og mållag og Folkeakademiet Arendal. Kvelden etter var det Hulda-foredrag også i Folkeakademiet Valle, også der med suksess.

Nytt årsmøte i Ytre Nordfjord Mållag

Etter fleire år utan aktivitet var det igjen duka for årsmøte i Ytre Nordfjord Mållag! Der vart det valt nytt styre med Øystein Sortland som leiar. Han fekk med seg Geir Arne Solheim, Tonje Husevåg, Eva Westvik og Arnfinn Kolerud i styret med Kariann Myklebust Fagerli som varamedlem. Laget har medlemmer frå tidlegare lokallag i Selje og Vågsøy, i tillegg til nokre medlemmer som bur i Bremanger. I juni er det folkerøysting om opplærings-språket på Skram skole. Sidan Raudeberg skule blir lagt inn under Skram skule frå 2027/28 vert det røysting der innbyggjarane i begge skulekrinsane deltek.

Ny start for Haram Mållag!

I februar vart Haram Mållag starta opp att etter nokre år utan aktivitet. Det måtte feirast med kakeslabberas! Påtroppande nestleiar Isabella Rubie Pareliussen og ordførar i Haram kommune, Vebjørn Krogsæter, fekk æra av å dele opp kaka. Tidlegare stortingsrepresentant for SV, Birgit Oline Kjerstad, vart vald til ny leiar i laget, som er del av Sunnmøre Mållag og har heile 73 medlemmer.

Det var velkomsthelsing frå Birgit Oline Kjerstad som Isabella Rubie Pareliussen las opp. Deretter

var det fine helsingar frå ordføraren og Margrethe Sofie Rogne, frå Longva i Haram og leiar i Ålesund Målungdom.

Også Hege Lothe, informasjons- og organisasjonsrådgjevar i Noregs Mållag, helsa laget og la spesiell vekt på kor viktig det var at kommunen no skal gå over til å undervise i nynorsk i vaksenopplæringa.

Suksessfull Pål Kluften – kveld på Vinstra

Torsdag 19. mars arrangerte Fron mållag ein suksessfull Pål Kluften-kveld i Ruste bygdaus på Vinstra. 190 var til stades denne kvelden der det var to flotte kåseri, musikk og allsong av beste slag, fotoutstilling, loddsal og servering. Pål Kluften (1888–1942) var fødd i Ruste i Nord-Fron i fattige kår. Han mista mor si 12 år gammal og vaks delvis opp hos bestefar sin. Han komponerte melodiar, samla gamle melodiar, skreiv songar, skreiv ei rad avisartiklar og illustrerte med egne foto. Etter han finst bygdesongar for mange av bygdene i Gudbrandsdalen, skrivne på dialekt/ nynorsk. Han var også ein av dei aktive målmennene som på 1930-talet gjorde ein stor innsats for at svært mange skular i Gudbrandsdalen valde nynorsk skulemål. Saman med Johan Bojer tok han initiativ til det aller fyrste Peer Gynt-stemnet i 1928, som i dag har vorte ein årleg, stor kulturfestival i Fron.

ARNE SKUTERUD

Knallstart for Lofoten og Vesterålen Mållag

Det var svært godt oppmøte på Vågan Bibliotek i Svolvær då Lofoten og Vesterålen Mållag starta opp den 24. mars. Det påtroppande styret inviterte til ope møte med middag, kake og kaffi, og folk kom langvegsfrå for å delta. Nokre av dei som møtte opp var ikkje medlemmer, men kom for å få med seg programmet. Det var totalt 15 oppmøtte på årsmøtet, og laget hadde ved oppskipinga 25 medlemmer. Vemund Norekvål Knudsen vart vald til leiar i laget.

På programmet var mellom andre Magne Heide, leiar i Harstad og omland Mållag og tidlegare leiar i Hadsel Mållag. Martin Arntzen frå Myre i Øksnes kommune, som er initiativtakar og styremedlem i Lofoten og Vesterålen Mållag, fortalde om masteroppgåva han har skrive saman med Maria Gamst: «Nynorsk språkduj på mellomsteget», om korleis betra kompetansen og haldningane til nynorsk for barn på mellomsteget.

Lofoten og Vesterålen Mållag blir det fyrste aktive mållaget i Lofoten sidan Hadsel Mållag la ned i 1992, medan Bø bygdelag i Vesterålen var i drift til 2022.

Kyrkjemållaget er skipa!

Onsdag 8. april vart Kyrkjemållaget skipa som eit heilt nytt lag i Noregs Mållag. I spissen for det nyskipa laget er nyvald leiar Per Kristian Sætre, som er sokneprest i Volda. Kyrkjemållaget er eit yrkesmållag for alle dei som har sitt virke innanfor Den norske kyrkja og andre kyrkjesamfunn i Noreg.

– I kyrkja i dag er det stor språkleg toleranse og prinsipiell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Som lag ynskjer vi å støtte opp om arbeidet med å lage nye og gode tekstar på nynorsk. Digitale ressursar er like viktige innanfor kyrkja som i andre deler av samfunnet, og det er viktig å seie ifrå, minne på og passe på at desse også kjem på nynorsk, seier Sætre.

Styremedlemene er Anders Emil Kaldhol, seniorrådgjevar innanfor kommunikasjon i Kyrkjerådet, Anne Marit Riste, prostiprest i Molde, Roar Moen, sokneprest i Arna og Marie Austrheim Riise, kontor i Ørsta.

Historisk var Prestemållaget eit viktig mållag for nynorsken innanfor kyrkja, men der vart aktiviteten lagt ned i løpet av 80-talet. Det var også eit forsøk med å få til eit Teologisk Mållag på 90-talet, men det er fyrst no ein har fått til skiping av eit aktivt Kyrkjemållag.

Håkken e Bygdetrapen?

■ **Det er 9. mai.** Tre digre amerikanske flak flyt gjennom Kvadraturen. Skal dei same vegen som eg? Ved Operaen står eit av dei parkert med dunkande bass og hoing og skåling på baklemmen.

Oslo er full av stafett og cup-finale, men i Bjørvika har nokon blåse opp ei varevogn og bydd inn til bygdefest. Summinga syd i inngangspartiet på Munchmuseet. Turistane skjønner lite. Eg høyrer: «Dei skal berre halde på i fem år». Eg høyrer: «Dei skal ta av seg maska når dei legg opp».

Inne i salen: Blåkläder. Saggebukser. Neonlys. Basketskjorter. Tronge toppar. Trailerbukser. Dei seier det er minst 500 folk her – dei kan ikkje alle vera frå Telemark. Eg høyrer nordlendingar, vestlendingar, oslofolk. Korleis har dei fått veta at det er her dei må vera? På radio er dei knapt å spore. All promo er strengt heimesnikra. Likevel: NRK er her. Stig Brenner er her. Vogue er her.

Blendingsgardinene slit med å halde vørloset ute. Oppvarminga slit med å fange folket; dei veit kva dei ventar på. Og når HC og Subaru kjem tumlande ut på scena med fjesa tildekte, er kvart einaste ord på hundrevis av lepper. *Hørte det var bønne å kaupe i Tødden, kan me drifte dit? Gruelagt hot i Hørte, om du kjem, ta å bring ein vifte hit.* Korleis kunne dette skje?

Eg tenkjer: Rådebank skulle nok ynskje dei hadde valt desse gutane til lydsporet heller enn Emma Steinbakkens bokmålske hallinglått.

Det er 17. mai. Vogue markerer den norske nasjonaldagen med overskrifta: *Forget Oil—Rap Duo Bygdetrapen Is Norway's New National Treasure.* HC og Subaru «live in Bø», skriv dei. Dei har «adapted the local uniform», skriv dei. Dei «are quickly gaining renown». HC seier: «When I found my voice and how I wanted to rap was

when I imagined myself rapping how my dad speaks.»

Det er 24. mai. NRK spør seg: «Hvordan ble to anonyme gutter som omtaler Facebook som 'Fjasebokji' årets store rapfenomen?» Korleis kom slalåmbriller og arbeidstøy så plutseleg på moten? Eg tenkjer: Kan det verkeleg stemme at det neste

store er råning, sleivete sexvitsar og buldrande bøhering?

Snart er det sumar. Og Bygdetrapen skal spela på både Bergtattfestivalen og Øyanatt. Undergrunnen står i fare for å få sol på seg. Til NRK seier Subaru at han knapt har vore på konsert sjølv: «Det viktigste er vel å være gira. Jeg vet jo at jeg skal

'hiv og hoie' og rappe, liksom.» Stort verre er det kanskje ikkje. Om det er Bygdetrapen eller nokon heilt annan som vinn festivalsumaren, får ein berre reise dit for å sjå.

Som HC burar på plata: *Det e så gruelagt fint i Bø, mann, håffer i faen ska eg te France?*

JHG

Foto: Benni Vik © MUNCH

– Det einaste er å prøve å skrive

Heimekjær, men aldri nostalgisk. Målmedviten, men aldri moraliserande. Målprisen frå Noregs Mållag for 2026 går til **Runar Gudnason**.

INTERVJU: JÓGVAN HELGE GARDAR
BILETE: KRISTIANNE MARØY

■ – Nynorsk var viktig og sjølv-sagt, og litteratur var viktig og sjølv-sagt. Men Mållaget fylte ikkje så mykje i medvitet mitt, i alle fall i oppveksten – sikkert fordi alt berre vart tatt for gitt. Men så hugsar eg, i 1996: Eg hadde flytta til Danmark og var heime på som-marferie, og så hadde eg som-marjobb i museet. Dette var før det nye Aasen-tunet, så det var steinmuseet frå 1946. Det var eit sånt museum som var ope når folk trong det. Det kom ikkje så veldig mykje folk, så eg kunne ofte berre sitje der og skrive og styre med mitt. Men ein gong kom det ein delegasjon frå Målungdomen, og dei prata eg med og fekk vite at

eg ikkje var medlem. Så klarte dei å verve meg, då. Då var eg 24 år. Men då eg fekk fyrste brev frå dei, med medlemsavisa – då melde eg meg rett ut igjen. Dei hadde som parole: «Ut med bokmålet!» Og å kjempe mot bokmålet, det syntest eg var for barnsleg. Men nokre år etterpå melde eg meg inn i Mållaget. Og der har eg vore sidan.

– **Korleis vart rappen ein norsk-språkleg sjanger?**

– Det skjedde gradvis når folk fann ut at det er frykteleg vanskeleg å rappe på engelsk, mykje vanskelegare enn å synge på engelsk. Og: Ein brukar eit mykje meir prosaisk språk i rappen. Der pop- og rocketekstar ofte handlar om kjærleik og liv og død, så handlar raptekstar ofte om noko

mykje meir kvardagsnært. Det klart mest brukte ordet i raptekstar er jo «eg», i mitt tilfelle «ej». På den måten er rappen den aller mest personlege uttrykksforma som finst innan populærmusikk. Korleis uttalar ein Hovdebygda på engelsk, då? I Noreg i dag er det jo nesten ingen som rappar på engelsk, og i mine auge er det berre to–tre av dei som får det til.

– **Korleis står det til med den norskspråklege rappen no?**

– Aldri vore betre. Eg forstår meg ikkje på folk som klagar over musikk. Det kjem så mykje bra musikk at eg ikkje har sjanse til å fylgje med. Det skal vere ekstremt bra før du høyrer ei plate fleire gongar. Rap har blitt så stort at det finst innslag av rap i alle mulege

sjangrar. Og innanfor norsk rap finst det ein haug med undersjangerar. Du har både ein eldre garde, slike som meg, som framleis lagar musikk. Og så har du unge folk som lagar gammaldags hip-hop, du har trap-folka, du har gaterap, du har pop-rap, du har russemusikk-rap. Det er ikkje alt eg synest er bra, sjølv-sagt, men det finst veldig mykje bra. Slik er det i Danmark òg. Aldri vore større, aldri vore betre.

– **Var det viktig for deg å reise ut frå Noreg?**

– Det er alltid ein god idé å reise ut og vere interessert i andre folk og i andre språk. Og det var etter at eg flytta til Danmark at eg for alvor byrja å skrive raptekstar. Men for meg har det aldri vore



Ein kan gjere, er skikkeleg sjølv

Dette med at dialektene endrar seg, det er eg ikkje bekymra for i det heile. Der er eg ekstremt pragmatisk. Det er å slåst mot vindmøller, altså – det er heilt fullstendig nyttelaust.

Runar Gudnason

nokon motsetning mellom å sette pris på bygda mi og røtene mine – og det å bu i heile verda. Det har eg fått spesielt frå morfaren min, som var ekstremt opptatt av Sunnmøre og Nordfjord, og som reiste rundt og måla bilete, snakka med alle. Han var veldig opptatt av forteljekunst og det heilt lokale, men det var også han som lærte oss om dei franske impresjonistane.

– **Kva tenkjer du om utviklinga for dialektene og det norske språket?**

– Altså, eg kan i varierende grad vere bekymra på nynorskens vegner. Det er ein hard kamp, og det er bekymringsverdig om ein byrjar å slite på skular i kjerneområda, men hovudet mitt er ikkje i krisemodus, i alle fall. Dette med

at dialektene endrar seg, det er eg ikkje bekymra for i det heile. Der er eg ekstremt pragmatisk. Det er å slåst mot vindmøller, altså – det er heilt fullstendig nyttelaust. No snakkar jo eg dialekta mi frå Hovdebygda. Eg har ein gut på ti år som veks opp i same bygda og går på same skule som eg, og det er kjempeinteressant å høyre kor annleis dialekta er. Altså, det er stor forskjell. Eg er lei av sånne folk som hakkar på at ein ikkje snakkar breitt nok. Folk skal få lov til å skrive som dei vil og prate som dei vil. Sjølv om eg aldri kunne finne på å skrive bokmål, så er det mitt val. Eg går jo og irriterer meg, altså. Men det einaste ein kan gjere er å prøve å skrive skikkeleg sjølv. For meg er det verdt å kjempe for å bevare

språket bra og skikkeleg, og eg er nesten nevrotisk på det, eg. Den mest brukte appen på telefonen min er ordboka.

– **Er det ei sak du er spesielt opptatt av at målrørsla skal jobbe med?**

– Ein viktig arena er, og dette har eg tenkt på i årevis: Kvifor er det ikkje nokon som gjer noko med teksting på strøymetenester? Kvifor kan dei ikkje ha nynorsk på Netflix, til dømes? Eg meiner at det burde vere ei enkel sak å løyse, og at me sjølvsgagt må betale for det sjølv. Altså, Netflix er jo ikkje interesserte, det er berre ei utgift. Men det hadde kosta lite, og her kan du kanskje bruke KI til noko fornuftig. Ein ting er jo at me vaksne, som viss me kunne

velje nynorsk teksting på HBO og Netflix, så gjorde me sjølvsgagt det. Men det er jo ikkje fare for at me blir bokmålsbrukarar. Det er spesielt med tanke på ungane, som vert bombarderte med bokmål heile tida. Det burde vore gjort for mange år sidan. Eg trur det hadde hjelpt mykje.

– **Kvifor er du medlem i Mållaget?**

– Eg er medlem fordi det faktisk er nokon som treng å gjere den politiske jobben. Det å kjempe for det språket me har. Eg er ikkje medlem av noko trussamfunn eller noko – eg er berre medlem to plassar: Amnesty og Noregs Mållag. Amnesty fordi dei kjempar for at folk skal få ytre seg som dei vil. Og Noregs Mållag fordi dei kjempar for at eg kan gjere det på mitt språk. ➤



Målprisen 2026

Grunngjeving

■ Runar Gudnason frå Side Brok får Målprisen for 2026 for omfattande, elegant og nyskapande leik og bruk av nynorsk i populærkulturen. I fleire tiår har han vore ei av dei mest særeigne røys-tene i den norske musikk-verda, men også på fleire andre område har han sett spor etter seg.

Målprisen blir gjeven til folk og institusjonar som har gjort ein ekstra stor inn-sats for nynorsken. Han er den høgste prisutmerkinga Mållaget deler ut, og har gjennom åra gått til ei lang rekke heidersfolk i og utan-for målrørsla. Difor er det ei stor glede å få dele ut Mål-prisen for 2026 til ein mann som har brøyt nye vegar for nynorsken og for dialektane.

Dei fyrste teikna til ålmenta kom med skipinga av hiphop-gruppa Side Brok i 2000, men røtene strekte seg attende både til fedre-landet Island, til Danmark og heim til Hovdebygda. Vegen til rappen gjekk gjennom ei identitetskrise Gudnason råka ut for blant danskane; det vart for mange «jeg», for mange «ikke», og saknet steig etter hjartespråket.

Då Side Brok fekk gjen-nombrotet sitt i 2004, var det med noko Noreg aldri hadde høyrte før: Det var breial og satirisk hiphop, ja, men staden var heime, og målet var heimsleg. Det var Vestlandet, Sunnmøre og Hovdebygda, det var Ivar Aasen og Olav Stedje, det var råning i Ørsta, det var råning i Volda, og det var ikkje trygt nedpå Esso. I norsk populærmusikk er

hiphopen unik som den einaste sjangeren som mest berre føregår på norsk, og Side Brok skal ha ein del av æra for det.

Men Runar Gudnason har ikkje berre spelt rollene som frontfigur og fleire ulike karakterar i Side Brok-uni-verset. Han har regissert teaterstykke av Jon Fosse og omsett *Frost* for Det Norske Teatret, han har reist rundt med Den kulturelle skule-sekken og drive rap-linje på Møre Folkehøgskule. Og i 2023 kom dokumentaren *Eg har ord*, der Gudnason – med ordleik, rim og eiga soge som verkemiddel – for attende i tida for å finne ut kvifor han sjølv vart rappar. Gudnason stod sjølvstodt for manus og regi, og filmen gjekk sin sigersgang over heile landet.

Gudnason har sjølv skrive: «Etter at eg vart eksilrappar, vart det endå kjekkare å kome heim igjen i feriane, heim til språket. Eg vart mint om både nye og gamle ord, ord eg hadde gløymt, og ord eg aldri hadde lært. Det inspirerte meg til å skrive meir, og kjærleiken til mitt eige språk voks og voks.» Etter 23 år i eksil frå Hovdebygda, kom årets målprisvinnar heim i 2014. I bygdemetro-polen på Sunnmøre held han fram med å kveikje kjærleiken til målet hjå folk i heile landet.

I haust var Side Brok tilbake med ny plate og utselde konsertar. Elvis og Tupac er daude for lengst, men Runar Gudnason, han lever. Til lukke med Målprisen for 2026!



MÅLMEDVITEN: Runar Gudnason tok imot Målprisen 2026 under landsmøtemid-dagen på Gardermoen, til stor jubel frå salen. Foto: Kristianne Marøy

Målblome til Lars Mamen

På landsmøtet i Noregs Mållag vart Lars Mamen tildelt Målblomen for sitt mangeårige arbeid med å fremje nynorsk i fagrørsla.

Lars Mamen kjem frå Drammen og har vore medlem i Noregs Mållag sidan år 2000. I ungdomsåra var han aktiv i Norsk Målungdom. Han har jobba som tømrar i over 30 år, og har mange år bak seg i fagrørsla, mellom anna som regionalt verneombod. Dei siste åra har han vore dagleg leiar for Fair Play Bygg Oslo og omegn, eit samarbeid mellom arbeidstakarane og arbeidsgjevarane i byggenæ-

ringa, som skal avsløre og motverke arbeidslivskriminalitet.

Målblomen vert delt ut til personar som har gjort ein særleg innsats for dialektane og nynorsken, gjerne på område der nynorsken har trongare kår. Lars Mamen har gjennom mange år har vore ei tydeleg røyst for nynor-sken i arbeidsliv og fagmiljø der bok-målet dominerer.

– Nynorsken treng superheltar som tek ein for laget og brøyter veg for språket på område der nynorsken står svakare enn han burde. Lars Mamen bidreg til at fleire nordmenn får sjå og møte nynorsk i sine bokmålsdo-minerte kvardagar, sa Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, i utde-lingstalen.

I grunngjevinga vert det trekt fram at Mamen konsekvent har halde fast ved nynorsken i arbeidet sitt, sjølv i miljø der mange ville valt bokmål, som til dømes tidlegare i år då Finansavisen nekta å trykkje eit innlegg frå Mamen fordi det var skrive på nynorsk. Mamen nekta då å omsetje teksten til bokmål, og saka skapte stor merksemd og debatt om språkhaldningar i pressa.

– Lars Mamen fortener honnør som ein føregangsmann for nynor-sken på felt som har altfor lite av han, og får Målblomen frå Noregs Mållag for konsekvent og standhaftig bruk av og forsvar for nynorsken, heiter det i grunngjevinga.



FAGMANN: Lars Mamen er ei stò røyst for eit rettferdig arbeidsliv, slik han i alle år har vore ei stò røyst for nynorsken, stod det i grunngjevinga. Foto: Kristianne Marøy

Mållaget heidrar Ulvund og Navarsete

■ **Heidersmedlemskap er den høgste utnemninga i Noregs Mållag**, og vert gjeven for særleg langt og godt arbeid i og for målrørsla. Utnemninga er for livstid. Frå før var det tre heidersmedlemer i Noregs Mållag: Audun Heskestad, Guri Vesaas og Oddny Miljeteig. Under landsmøtemiddagen på Gardermoen utnemnde leiar Peder Lofnes Hauge to nye heidersmedlemer: Nils Ulvund og Liv Signe Navarsete.

Nils Ulvund

■ **Nils Ulvund** har bakgrunn som lærar og bonde, og har hatt mange verv i Mållaget. Den lengste arbeidsøkta har vore for Ålvundfjord og Ålvundeid Mållag. Der vart han leiar frå 2000 og seinare leiar for lokallaget for heile kommunen: Sunndal Mållag. I 2001 vart han leiar i Nordmøre Mållag og har gjennom åra skifta på rollene både som leiar, skrivar og kasserar, og er no framleis ein ressursperson og diskusjonspartnar for noverande leiar, og medlem i valnemnda. Sentralt møtte han i styret i Noregs Mållag frå 2003 til 2007. Fyrst som fyrste varamedlem, deretter som nestleiar eitt år, og så styremedlem til 2007.

Hausten 2005 gjekk dåverande leiar Steinulf Tungesvik av på dagen for å bli statssekretær i Stoltenberg 1-regjeringa. Det var ikkje rett fram kven som skulle overta som leiar. Og det er kanskje då vi best ser plikt-kjensla til Nils Ulvund stå fram: For då Nils Ulvund vart spurd om å overta som leiar, så gjorde han det. Han vart leiar hausten 2005, og leia Noregs Mållag inn i jubileumsåret 2006.

I fleire år var 100-årsjubileet til Noregs Mållag planlagt. Til leiarvervet låg det då å vere vertskap for mottakinga på Det Norske Teatret, med kong Harald og kronprins Haakon Magnus som gjester, i tillegg til fleire statsrådar frå regjeringa. Det var nasjonal pressekonferanse, boklansering og jubileumslandsmøte der heile det politiske Noreg var på helsinglista. Nils hadde ikkje olboga seg fram for å ta denne leiarposisjonen, men då han fekk den, vart det verdig og rett.

På Nordmøre har det vore stadnamn-prosjekt, fleire språkseminar saman med kommunen, pubkveldar, eigen barnehagedag for alle barnehagetilsette med 90 deltakarar, prosjekt for å hindre språkbyte frå ungdomskule til vidaregåande skule, det har vore arbeid med avisspråket, kommunespråket og for nynorsk og dialekt i barnehagar og skulen.

Dei siste ti–tolv åra har Sunndal Mållag gjort ein enorm innsats for å skipe til språkkafear for flyktningar og innvandrarar. Språkkafé i Sunndalen kan også bety å ta seg ein tur på fjorden i båt for å fiske, og lage til fisken saman etterpå. Her vil eg nemne eitt tal som illustrerer innsatsen: Nils Ulvund og Sunndal Mållag har gjennom 10 år fått godkjent utrulege 1 741 studietimar til dette arbeidet. Til samanlikning hadde resten av Mållaget usle 1 268 studietimar i same perioden.

Nils er det vi kan kalle ein klassisk bygdelærar, men fyrst og fremst er han bonde: Han dreg gjerne fram korleis vi må dyrke, så, slå og hesje slik at jordsmonnet vert best mogleg – i målarbeidet. Eit særmerke i arbeidet til Nils Ulvund har vore evna til å drage med seg folk, same kva bakgrunn dei måtte ha. For å skildre Nils i ei setning, vil eg bruke Arne Garborg sine egne ord: *Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss.*



HEIDRA: Liv Signe Navarsete og Nils Ulvund har hatt heilt ulike roller, men bae har tent målsaka på ein framifrå måte. Under landsmøtemiddagen vart dei utnemnde til heidersmedlemer i Noregs Mållag.

Foto: Kristianne Marøy

Liv Signe Navarsete

■ **Liv Signe Navarsete** har vore kommunestyremedlem både i Sogndal og seinare Lærdal, fylkestingsmedlem i Sogn og Fjordane, fylkesleiar, nestleiar og deretter partileiar i Senterpartiet frå 2008 til 2014, samferdsleminister i fire år frå 2005 og deretter kommunal- og regionalminister i fire år. Ho har vore stortingsrepresentant i fire periodar og har vore statsforvaltar i Vestland frå 2022 til ho no gjev seg i september i år.

Den 24. januar 2012 gjekk dåverande kunnskapsminister Kristin Halvorsen ut og sa at ho vil «nedtone» sidemålsordninga. Det er politikarspråk for å kutte sidemålsskarakteren. Ho fekk straks støtte frå fleire hald og frå stortingsrepresentantar frå Ap og AUF. Allereie same dag gjekk Liv Signe Navarsete ut i ei NTB-melding og forsikra om at saka ikkje hadde vore handsama i regjeringa, og at ho ville stå på for nynorsken. Ikkje minst gjorde ho det klart at siste ord ikkje var sagt i saka.

Det er det ikkje alle rundt Kongens bord som ville gjort; som ville ofra politisk kapital for det dei sjølve tenkte var rett – i eit spørsmål som mange vil omtale som lite. Men vi veit at sidemålsskarakteren er avgjerande for nynorsken sin plass i skulen, og såleis i samfunnet. Det visste også Liv Signe. Ho valde å leggje heile si politiske tyngde inn i spørsmålet.

Det er blitt sagt om dei beste politiske strategane at dei tek dei kampane dei kan vinne, og dei kampane dei må vinne. For Mållaget er sidemålsordninga ein kamp vi må vinne, og då kjennest det tryggare å ha Liv Signe Navarsete på laget.

Noregs Mållag verva over 2000 nye medlemer, og etter kvart vedtok SV at dei

var usamd med sin eigen minister og ville stø nynorsken. Høyringsrunden synte brei støtte til nynorsk og sidemålet, og saka landa der ho skulle året etterpå. Med nokre endringar var sidemålsordninga i behald. Vi kjenner oss trygge på at vi ikkje ville vunne saka utan Liv Signe.

På dette landsmøtet har vi vedteke støtte til grunnlovsforslaget som no ligg i Stortinget, om å grunnlovsfeste likestillinga mellom nynorsk og bokmål. Det er andre politikarar enn Liv Signe som no skal røyste for dette i Stortinget, men det var Liv Signe Navarsete, som den fyrste rikspolitikaren, som tok til orde for dette på sjølvaste 200-årsdagen til Ivar Aasen, 5. august 2013. Til Bergens Tidende sa ho: «Eit slikt grep vil eliminere diskusjonen om plassen til nynorsk og bokmål i samfunnet». Det går ein raud tråd frå dei første mektige målsmennene som kjempa for nynorsken frå sine posisjonar i nasjonalforsamlinga, og til Liv Signe Navarsete: Ei sterk målkvinne frå Sogn.

Liv Signe Navarsete nådde toppen av norsk politikk utan å gje slepp på nynorsksaka. For nynorsken og målsaka finst det ikkje betre politikartype å ha på sitt lag. Med denne evna til å bite seg fast og aldri gje slepp.

Det slaget for sidemålsordninga ho vann då ho sat i regjering har blitt ståande. No veit vi at vi kan stå framfor eit nytt sidemålsslag. Difor tek eg med meg, og har med i hjartet, alt du har gjort for oss og målsaka, Liv Signe. Og finn inspirasjon i det pågangsmotet, den gjennomføringskrafta og det engasjementet som du har vist for nynorsken.

Målstriden er som ein stafett. Vi gjev vidare både tapa og sigrane våre til nestemann. Takk for sigrane på di etappe, Liv Signe.

Landsmøtet 2026



Landsmøtet gjorde slikt vedtak: Landsmøtet i Noregs Mållag stiller seg bak Grunnlovsframlegg 4 (2023–2024) om å gje norsk språk grunnlovsværn og bed Stortinget om å vedta framlegget til ny § 120 b, som lyder: Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg. Bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige norske skriftspråk.

Foto: Kristianne Marøy

Jamstillinga inn i Grunnlova

■ Framlegget som vart levert i Stortinget i juni for to år sidan om å grunnlovfesta at norsk er nasjonalspråket og at bokmål og nynorsk er jamstilte og likeverdige skriftspråk, fekk også

plass. Martin Kolberg og Ola Mestad gjorde på inspirerende vis greie for både kva som ligg i framlegget og kvifor det bør vedtakast i Stortinget.

Gode vedtak og god stemning

■ Det 104. landsmøtet i Noregs Mållag samla 175 utsendingar og om lag 30 andre personar siste helga i april på Gardermoen. Den viktigaste organisasjonssaka var arbeidsprogram for fireårsperioden 2026–2030, og det var eit

ambisiøst program landsmøtet vedtok. Vi har sett til Wales og late oss inspirera av målsetnader der, og dermed er 1 million nynorskbrukarar innan 2050 sett som det overordna målet.

Positive sidemålsforsøk no!

■ Professor Øystein Vangsnes heldt hovudinnleiinga og snakka om positive sidemålsforsøk. Han gjekk gjennom krava som har vore i læreplanane, og kva som har vore motargumenta mot sidemål. Til sist presenterte han korleis sidemålsforsøk kan sjå ut dersom målet er å

læra mest mogleg sidemål, ikkje å sleppa unna, slik tidlegare forsøk har gjort inntrykk av å ha mål om. Etter innleiinga følgde ein panelsamtale med representantar både frå grunnskulen, Utdanningsdirektoratet og utdanningskomiteen på Stortinget.

Nynorsk litteraturpris til Leander Dønne

■ Leander Dønne (biletet) får Nynorsk litteraturpris 2025 for romanen *Alt et*, gjeven ut på Forlaget Oktober. Prisen er på 50 000 kroner og vart delt ut ved opninga av landsmøtet i Noregs Mållag fredag 24. april på Gardermoen. Redaktør Kjersti Inste-fjord frå Oktober tok imot prisen på vegner av Leander Dønne. Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget står bak prisen, som har vorte delt ut sidan 1982.



Foto: Baard Henriksen / Oktober

Grunngjevinga frå juryen:

Å lese årets vinnarroman er som å sjå ei ulukke utspela seg line for line på papiret. Det er ikkje mogeleg å ta augo vekk eller late dei att. Der ein gys og gispas etter

luft. Og det er språket som ber deg vidare, dreg deg med inn i elendet. *Alt et* er eit høgdepunkt trass i at den nynorske romanen står sterkare enn på lang tid.

Leander Dønne har på kort tid vunne feste med ein klår identitet i det nynorske språket. Han syner oss korleis det er mogeleg å skrive nyskapande litteratur ved å ta i bruk delar av nynorsken me ikkje ser så ofte i det kvardagslege. Det er knapt og det er malmfullt. Han nyttar det tidlause og det lyriske for å halde tilbake og dermed skape tolkingsrom i teksten.

Dønne er uredde når han utforskar vondskenen og det dyriske i oss. Han stoler både på seg sjølv og lesaren sin. Ved å bruke ein fleirklang i røystene skaper han ein mangfaldig tekst der blikket er vendt innover og utover samstundes. Fyndige formuleringar og det tidlause språket gjer at dette er litteratur som vert ståande støtt i den nynorske bokheimen. Det vert ei glede å fylgje med vidare på ein heilt unik forfatterskap.

Nynorsk barnelitteraturpris til Therese Garshol

■ Forfattar Therese Garshol får Nynorsk barnelitteraturpris 2025 for ungdomsboka *Skarpe kantar*, som er gjeven ut på Det Norske Samlaget. Nynorsk barnelitteraturpris blei delt ut ved opninga av landsmøtet i Noregs Mållag på Gardermoen. Garshol var sjølv til stades for å ta imot. Prisen er på 50 000 kroner og har blitt delt ut av Noregs Mållag i 70 år, sidan 1956. Juryen har vore Oddmund Kaarevik, Isabella Rubie Pareliussen og Oda Johnsen Longvanes.

Grunngjevinga frå juryen:

Korleis skal ein eigentleg omsetje det engelske omgrepet «suspense»? Spenning? Nei, det dekkjer ikkje alle nyansane, det er litt for flatt. Thriller er ikkje taktilt nok, «suspense» er noko ein skal kjenne. «Urovekkjande», eller berre «uro», er gjerne det som kjem nærast. Therese Garshol si bok *Skarpe kantar* er nettopp det: urovekkjande, full av uro, frå første til siste side.

Juryen set pris på bakgrunnsramma i denne ungdomsromanen. Boka er plassert i eit småbymiljø der hockeysporten pregar alt. Det kunne vore mange stader, men staden Therese Garshol har dikta opp kjennest truverdig. Me ser han for oss. Me ser for oss skulen, me ser for oss ishallen, me ser for oss dei skarpe skøytene.

Boka er skriven i korte kapittel som gir eit høgt lesetempo. Vekslingane mellom ulike forteljarvinklar og hoppa i tidslinja er dyktig utførte. Forfattaren tek lesaren med i avhøyrssrommet, eit grep som får tankane tilbake til klassikarar som *I am the Cheese* av Robert Cornier. Skal hovudkarakteren bli lurt, eller manipulert? Boka har mange brå vendingar på lur.

Forfattaren får oss til å stå last og brast med hovudkarakteren, 17 år gamle Maya, men er Maya eigentleg til å stole på?

I fjor vann boka *Eg skal rive deg i filler*



PRISVINNAR: Therese Garshol tok imot Nynorsk barnelitteraturpris under landsmøtet på Gardermoen.

Foto: privat/Samlaget

av same forfattar ungdommane sin eigen bokpris Uprisen, mellom anna fordi ho var «så opprivende at noen av oss hadde vanskeligheter med å sove etter at vi leste den på senga» (frå juryteksten). Med *Skarpe kantar* held Garshol fram med å halde lesaren vaken.

I eit solid år for nynorske barne- og ungdomsbøker, er *Skarpe kantar* ein velfortent vinnar. Me heiar på at dette skal bli eit langt og produktivt forfatterskap. For Garshol skriv bøker som vil få unge til å setje pris på både «urovekkjande» bøker og klår nynorsk, og me trur til og med dei vil gløyme at dei les på nynorsk. For dette er aller mest svært spennande litteratur. Me gratulerer Therese Garshol som vinnar av Nynorsk barnelitteraturpris 2025!

Noreg treng eit nynorsk kulturløft. Noregs Mållag meiner det neste år må løyvast minst 50 millionar kroner til tiltak for nynorsk språk, litteratur, media og kulturformidling.



SIKTAR HØGT: Peder Lofnes Hauge og Live Havro Bjørnstad fekk attval som leiarduo og tek med seg eit nyskrive arbeidsprogram. Det store målet er 1 million nynorskbrukarar i år 2050. Foto: Kristianne Marøy

1 Noreg 2050 – éin million nynorskbrukarar

■ Nynorsken treng ikkje fleire festtalar. Nynorsken treng eit taktskifte i norsk språkpolitikk.

Dei siste femten–tjue åra har nynorsken styrkt seg og står støtt på fleire område i samfunnet. Det har aldri vore skrive meir nynorsk enn i dag, og den politiske, sosiale og kulturelle aksepten er større enn nokon gong.

Språklova frå 2022 slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk. Likevel vert lova brote dagleg. Offentlege verksemdar nedprioriterer nynorsk, digitale løysingar har bokmål som standard, og nynorskelevane manglar både læremiddel på nynorsk og lærarar som har kompetanse til å drive opplæring i og på nynorsk.

Ein meir offensiv språkpolitikk er mogleg. Walisisk har i dag om lag like mange språkbrukarar som nynorsk. Regjeringa i Wales har sett seg eit mål om at 1 million menneske skal snakke walisisk innan 2050, og det er sett av fleire titals millionar kroner til tiltaket. Tiltaka er konkrete, prioriteringane er tydelege, og med økonomiske løyvingar og strukturelle grep gjer dei språket meir synleg og meir brukt i kvardagen. Dei har mellom anna endra standardinnstillingane i programvare frå Microsoft på pc-ar i skulen og det offentlege til walisisk.

Noreg må la seg inspirere av Wales. Det er på tide at styresmaktene våre vågar å tenkje stort og nytt om språk. Heller enn å snakke om likebehandling av nynorsk og bokmål, må vi snakke om asymmetriske tiltak som favoriserer nynorsken, nettopp fordi det er det minst brukte språket. Nynorsken må få fordelaktige rammevilkår, slik at vi kan jamne ut det skeive tilhøvet mellom dei to norske skriftspråka.

Samfunnet vårt er allereie gjennomdigitalisert, og utviklinga skjer i eit veldig tempo. Dette får store følgjer for språkutviklinga i Noreg. Det er avgjerande viktig at norsk språkpolitikk blir styrt

frå Stortinget, og ikkje frå hjørnekontor i California. Dei multinasjonale tekselskapa har allereie for stor påverknad på det norske språket. Dette er ikkje eit ansvar som kviler på kulturministeren aleine. Noregs Mållag meiner at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i større grad må ta språkleg ansvar.

Mange norske elevar får lese- og skriveopplæringa si på datamaskiner utan fungerande nynorsk stavekontroll. Selskapa som leverer programvare tar ikkje dette på alvor. Det er uholdbart, og i strid med lova. Det er på tide at staten stør opp om skriveprogram og anna programvare med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll. Slik sikrar vi nynorskelevane sine språklege og digitale rettar.

Noreg treng eit nynorsk kulturløft. Noregs Mållag meiner det neste år må løyvast minst 50 millionar kroner til tiltak for nynorsk språk, litteratur, media og kulturformidling. Det må vere eit prinsipp at nynorskinstitusjonane deretter skal ha minst 3,5 prosent av kulturdelen på statsbudsjettet. Slik kan regjeringa trykke den norske kulturarven og styrkje nynorsk som ein demokratisk fellesarena inn i framtida.

Språklova gjev styresmaktene mandat til ein slik politikk. Ambisjonane i lova må følgjast opp med handling.

Noregs Mållag meiner

at regjeringa må legge fram ein handlingsplan for jamstilling mellom nynorsk og bokmål, med konkrete tiltak som aktivt favoriserer, fremjar og styrker nynorsken
at offisiell norsk språkpolitikk skal ha som ambisjon å auke talet på nynorskbrukarar
at regjeringa må legge fram ein plan for norsk-språkleg digitalisering
at staten stør opp om initiativ som utviklar skriveprogram med open kjeldekode og god nynorsk stavekontroll til bruk i skulen
at det blir løyvd pengar over statsbudsjettet til eit nynorsk kulturløft
at staten utviklar eigne skriveprogram til bruk i skulen

2 Noreg treng ein nasjonal tiltaksplan for nynorsk i næringslivet

■ Næringslivet er ein sentral arena for språkbruk i Noreg, men dårlege rammevilkår svekkjer høvet til å bruke nynorsk i privat sektor. Sjølv om språkval handlar både om identitet og språkleg vilje, ligg hovudproblemet i dag i system, struktur og verktøy som i praksis motarbeider nynorsk som næringslivsspråk.

Nynorsk næringsliv rapporterer at tilhøva er utfordrande i ei rekkje bransjar, og mange opplever at det er vanskelegare å drive verksemd på nynorsk enn på bokmål og engelsk. Programvare manglar nynorskstøtte, digitale verktøy favoriserer bokmål, og store internasjonale teknologiskelskap leverer løysingar som overser språket vårt.

Bedrifter som vel å bruke nynorsk, må ta ekstra kostnader og omvegar som bokmålsbedrifter slepp. Når språkvalet blir eit spørsmål om ressursbruk, fell likeverdet bort. Slik kan det ikkje vere.

To tredelar av norske arbeidstakarar jobbar i næringslivet. Likevel står dette samfunnsområdet utan eigne språkpolitiske verkemiddel. Staten manglar òg grunnleggande kunnskap om kor mange verksemdar som faktisk brukar nynorsk, og kva slags barrierar dei møter. Skil språklova verke etter føremålet, må ho òg omfatte næringslivet og sikre at nynorsk og bokmål kan brukast på like vilkår.

Andre språksamfunn, som Wales, Irland og Catalonia, viser at det er mogleg å tenkje større. Der får næringslivet tilgang til alt frå gratis språktenester og støtteordningar for språkomlegging til samordna press mot teknologigigantar for å sikre synlegheit for eigne språk.

Slike grep viser kva som er mogleg når styresmaktene set kraft bak ambisjonane, og når næringslivet blir rekna som ein naturleg del av språkpolitikken, ikkje ei sidegrein.

Noreg treng eit tilsvarande språkpolitisk skifte. Nynorsk i næringslivet handlar ikkje berre om identitet – det handlar om demokrati, digital suverenitet og like konkurransvilkår. Bedrifter som vil bruke nynorsk, kan ikkje møtast med barrierar, ekstra tidsbruk eller høgare kostnader.

Språklova pålegg det offentlege å fremje nynorsk. Difor må staten sørje for språklege rammevilkår som gjer nynorsk og bokmål likeverdige i næringslivet, og språkvalet til bedriftene kostnadsnøytralt.

Noregs Mållag meiner

at regjeringa må legge fram ein tiltaksplan for å styrke nynorsk i næringslivet
at styresmaktene må sikre norsk språksuverenitet i digitaliseringa, gjennom språklege rammer og tydelege krav til teknologigigantar som opererer i den norske marknaden
at regjeringa må etablere ei tilskotsordning for bedrifter som treng støtte til omsetjing, språkvask, omprofilering eller tekniske tilpassingar for å bruke nynorsk
at regjeringa må styrkje kunnskapsgrunnlaget om nynorsk i næringslivet gjennom eit forskingsprogram og eit årleg «språkbarometer» for nynorsk i næringslivet

3 Språklova må få sanksjonar

■ Sidan 1930 har vi hatt lover som skal sikre at det nynorske skriftspråket blir nytta i statleg forvaltning. Vi har hatt mållovene frå 1930 og 1980, og i 2021 fekk vi ei ny språklov.

Med mållova frå 1980 fekk vi reglar som sette klare krav til fordelinga mellom nynorsk og bokmål i allment tilgjengelege tekstar frå statsorgan som dekkjer heile landet. Slik er det framleis med den nye språklova, uttrykt slik i § 13: «Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument.»

Dette er ein god regel, men etterlevinga hos statsorgana er mindre god. Språkrådets rapport frå tilsynet med språklova viste at berre 22 av 168 statlege verksemdar som det vart ført tilsyn med, oppfylte krava til veksling mellom nynorsk og bokmål i 2024. Dette er svært langt unna å vere godt nok.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at brot på språklova må få konsekvensar. Tida er komen for å greie ut kva som vil vere tenlege sanksjonar, og deretter innføre dei så fort som mogleg. Staten er ikkje komen i mål i dag, og det er diverre ingenting som talar for at målet vil vere nådd før 2030. Det gjev difor lite meining å kaste bort tid med å vente på året 2030. Landsmøtet meiner det er sjølvsaugt at Noregs Mållag vert involvert i utgreiingsarbeidet.

Målet med sanksjonar må vere å plassere ansvaret for vekslinga mellom nynorsk og bokmål der det høyrer heime, hos administrativ og politisk leiding i staten, og ikkje å hengje ut eller plassere ansvar hos vanlege statstilsette. Sanksjonane er ikkje mål i seg sjølve, men eit verkemiddel for å få på plass rutinar og dugleik hos statsorgana til å etterleve språklova i praksis. Berre slik kan målsetjingane i lova bli røyndom.

4 Nynorskelevane treng ein ny definisjon av læremiddel

■ Opplæringslova forsterkar dei digitale utfordringane for nynorskelevane. Slik kan me ikkje ha det.

For mange nynorskelevar er den digitale skulekvardagen i stor grad dominert av bokmål. Dette går utover kvaliteten på lese- og skriveopplæringa, og bryt med retten til opplæring på eige språk.

Då Stortinget vedtok ny opplæringslov i juni 2023, vart det ikkje lovfesta krav om nynorskutgåve av læringsressursar utvikla til bruk i skulen, slik ei samla målrørsle kravde. I staden ville stortingsfleirtalet undersøkje korleis det står til med nynorske læringsressursar.

I 2025 var rapporten klar, og denne viser tydeleg at nynorskelevane møter altfor mykje bokmål i skulekvardagen sin. Det finst mange færre læringsressursar på nynorsk enn på bokmål, og både elevar og lærarar synest det er vanskeleg å finna fram til innhald på nynorsk.

Overgangen frå språkleg regulerte lærebøker til digitale ressursar har ført til at nynorskelevane får lesa og høyra mindre nynorsk. Likevel er ikkje utviklinga ei naudsynt følgje av digitaliseringa, men ein konsekvens av manglande språkleg regulering av den nye skulekvardagen. Utfordringa er at storparten av appane og programma som vert brukte i skulen, fell utanom kravet om språklege parallellversjonar fordi dei ikkje vert rekna som læremiddel.

Dagens definisjon av læremiddel fangar



ALLE TRENG MEIR: Leiar i Noregs Lærarmållag, Eline Bjørke, tok til orde for at alle treng meir nynorsk, ikkje berre nynorskelevane, og at lærarstudentane må få betre kompetanse i nynorsk.: Foto: Kristianne Marøy

ikkje opp breidda av ressursar som vert brukte i skulekvardagen. Tilbodet for nynorskelevane er ikkje godt nok, og difor må det stillast språkkrav til fleire av ressursane som vert brukte i skulen.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at definisjonen av læremiddel i opplæringslova bør vera slik:

«Med læremiddel er her meint alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa, som skal brukast i opplæringa, og som dekkjer delar av læreplanen i faget.»

Ein utvida og oppdatert læremiddeldefinisjon vil sikra at krav til språk gjeld for mykje meir av det skriftlege innhaldet i skulekvardagen. Slik kan nynorskelevane få den nynorske skulekvardagen dei treng for å bli trygge nynorskbrukarar i framtida.

5 Dag og Tid må få rettferdig mediestøtte

■ Mediestøtteordningane skal sikre mangfald i media. Dei kan ikkje føre til at den einaste nynorske riksavisa kjem dårlegare ut enn avisene dei konkurrerer med.

Dag og Tid er Noregs einaste nynorske riksavis. Avisa har høg eigenproduksjon, ho har ikkje byråstoff, og ho fyller ei viktig rolle i norsk ålmene. Samstundes er ho i vekst, med rekordopplag og eit sterkt abonnementgrunnlag. Pressestøtta skal sikre mediemangfald og sterke uavhengige kvalitetsaviser. Samtidig gir dagens ordning skeive rammevilkår, også mellom aviser som opererer i same segment.

I 2025 fekk *Dag og Tid* om lag åtte millionar kroner i produksjonsstøtte, medan *Morgenbladet* fekk 31,5 millionar. Så seint som i 2018 fekk dei to avisene same støtte. Over dei tre siste åra har skilnaden vakse til 59,4 millionar kroner. At skilnaden no er så stor, kjem ikkje av journalistisk kvalitet eller samfunnsverdi, men av eit teknisk teljekriterium om 20 redaksjonelle årsverk utførte av fast tilsette.

Ein uavhengig rapport har peikt på at skiljet mellom *Dag og Tid* og *Morgenbladet* skaper ei uheldig konkurransevriding mellom to publikasjonar som konkurrerer direkte, og som er nokså like i frekvens, breidd og

ålmenn profil. Då er det openbert at støtteordninga ikkje verkar etter føremålet sitt. Pressestøtta skal byggje mediemangfald, ikkje svekke det.

For Noregs einaste nynorske riksavis er situasjonen alvorleg fordi ein stor del av støtta er ei særskild nynorskstøtte. Det er svært bra at denne støtteordninga finst. Samtidig er ho ikkje knytt til faste reglar og utrekningar. Det gjer støtta utrygg og vilkårleg.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner at nynorsk treng sterke institusjonar i den nasjonale offentlegheita. I ei tid der nynorsk taper terreng på digitale flater, og der mediemakta i aukande grad er samla hos dei store mediekonserna, må staten føre ein meir offensiv politikk for å sikre reelt mediemangfald og språkleg jamstilling. *Dag og Tid* må få rammevilkår som står i forhold til rolla avisa har og den konkurransesituasjonen dei er i.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner

at mediestøtteordninga må endrast slik at ho ikkje diskriminerer den einaste nynorske riksavisa

at nynorskstøtta til *Dag og Tid* må gjerast føreseieleg og knyttast til faste reglar at regjeringa bør greie ut dei språkpolitiske verknadane av pressestøtta

6 Fritak på avvegar

■ Kvar fjerde 10.-klassing får ikkje karakter i sidemål, viser tal frå Utdanningsdirektoratet. Det er ei stor utfordring for den obligatoriske sidemålsopplæringa i skulen.

Sidemålsordninga har vore rygggrad i norsk språkpolitikk sidan ho vart vedteken av Stortinget i 1907. For å sikre reell språkleg likestilling og gje alle elevar fridomen til å velje kva skriftspråk dei vil bruke, har vi obligatorisk sidemålsopplæring med karakter i skulen.

Når ein fjerdedel av norske elevar ikkje får karakter i sidemål, knekk denne rygggrad saman.

Fritaksordninga i skulen må fungere slik ho er meint å gjere. Ho skal gje dei elevane som verkeleg treng det, eit fritak fordi det ikkje lèt seg gjere å meistre både nynorsk og bokmål. Er det verkeleg slik at kvar fjerde



HALD PÅ SIDEMÅLSKARAKTEREN: Nestleiar Live og leiar Peder har med seg stortingsrepresentant og leiar i Løvebakken Mållag, Åse Kristin Ask Bakke (Ap), på at sidemålskarakteren må bli ståande.

Foto: Kristianne Marøy

tiandeklassing ikkje har evne til å lære seg nynorsk og bokmål?

I november 2025 fortalde Kaveh Rashidi om si oppleving med fritak frå vurdering i sidemål i NRK Leseklubben:

«På skulen fekk eg fritak frå nynorsk, fordi foreldra mine ikkje er fødte i Noreg. Ein rar regel. Eg var jo skuleflink, og hadde dei same føresetnadene som klassekameratane mine til å lære det».

Rashidi si oppleving liknar mange andre sine forteljingar om kvifor nettopp dei fekk fritak frå sidemål.

Det finst ikkje reglar i lov eller forskrift som seier at eit anna morsmål enn norsk automatisk gir eleven rett til fritak.

Vedtaket om fritak frå vurdering i sidemål må følgje sakshandsamingsreglane. Mellom anna må saka vere så godt opplyst som mogleg.

Eit fritaksregime ute av kontroll vatnar ut sidemålsordninga i norsk skule.

Noregs Mållag meiner at

at det må førast tilsyn med fritaksvedtaka at Utdanningsdirektoratet må gje tydeleg rettleiing på korleis ein handsamar fritaks-søknadar at Kunnskapsdepartementet må vurdere om lova gir for stort rom til fritak

7 Me treng karakter i sidemål!

■ Landsmøtet i Noregs Mållag er kjent med at regjeringa vurderer å redusera talet på karakterar i norskfaget, og vi krev at sidemålskarakteren står fast. Å ha eigen karakter i sidemål viser at bokmål og nynorsk er like viktige språk i Noreg. Det er ei konkret og tydeleg stadfesting av språkleg likestilling. Å fjerna karakteren vil senda eit signal om at sidemålet tel mindre, og slik svekkja både likestillinga og respekten for mindretalsspråket nynorsk.

Vi har hatt sidemålsordninga i 120 år, og ho har vore heilt avgjerande for at nynorsken har blitt eit samfunnsberande språk. Sidemålsordninga med eigen karakter er jamstillingsvedtaket frå 1885 i praksis. Ho sikrar at

alle elevar får lære både bokmål og nynorsk, og i ein karakterstyrt skule må denne kompetansen vera synleg på vitnemålet. Eigen karakter i sidemål er utslagsgjevande for at arbeidet med sidemål blir prioritert av lærarar og elevar.

Noregs Mållag vil åtvara regjeringa mot å forhasta seg. Kunnskapsdepartementet har ikkje henta inn kunnskap om kva effekt det har hatt at dei fjerna sidemålskarakterane i 8. og 9. klasse og på vg1 og vg2. Denne kunnskapen vil vi oppmoda statsråden om å skaffa. Har reduksjonen av karakterar hatt innverknad på kor mykje arbeidet med sidemål blir prioritert i skulen? Kva har det hatt å seia for kunnskapen og kompetansen elevane tileignar seg? Og for arbeidet lærarane gjer med sidemål? Det er all grunn til å tru at denne endringa har bidrege til å svekkja sidemålet i skulen.

Språkløva slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremja nynorsk. Å fjerna eigen karakter i sidemål vil svekkja sidemålet sin plass i skulen, og såleis nynorsken sin plass i samfunnet. Å fjerna eigen karakter i sidemål strir med sjølve føremålet med lova.

Difor forventar landsmøtet i Noregs Mållag at norske elevar framleis blir eksplisitt prøvde i sidemål og at denne kompetansen står på vitnemålet. Hald på sidemålskarakteren!

8 Lat Språkrådet vera Språkrådet

■ Kulturdepartementet har sett i gang ei utgreiing om å slå Språkrådet saman med mellom anna Filminstituttet og Kulturdirektoratet. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner ei slik samanslåing vil vera svært uheldig for norsk språk.

Språkrådet ligg under Kulturdepartementet, men det viktige arbeidet Språkrådet gjer, er på tvers av alle sektorar og strekkjer seg langt utover kulturfeltet. Landsmøtet i Mållaget er svært uroa for at ei samanslåing vil svekkja Språkrådet og vera til hinder for ei forståing av at språkarbeid er viktig på alle samfunnsområde.

Språkrådet forvaltar språket og utøver

statens språkpolitikk, og norsk språkpolitikk er tydeleg på at nynorsk må fremjast på alle samfunnsområde. Nynorsk står etter måten sterkt i kulturlivet, og den viktigaste innsatsen trengst på mange andre område, som i skule og barnehagar, lærarutdanningane, i akademia, i næringslivet og i offentleg forvaltning. For å få til det, er det behov for eit sterkt og sjølvstendig språkråd.

Noregs Mållag kan vanskeleg sjå at eit stort kulturdirektorat vil vere den rette institusjonen for å fremja norsk språk, og særleg nynorsk, på samfunnsområde som ligg langt unna den tradisjonelle kultursektoren. Vi treng at Språkrådet kan tala med den faglege og politiske autoriteten som eit sjølvstendig statleg forvaltningsorgan i språksaker har. Det er enklare for ein direktør i eit sjølvstendig språkråd å nå fram til allmenta enn for ein avdelingsleiar i eit større kulturdirektorat som primært driv med andre ting enn språkforvaltning og utøving av statens språkpolitikk.

Landsmøtet i Noregs Mållag meiner difor at Språkrådet må halda fram som eit sjølvstendig statleg forvaltningsorgan med eit tydeleg ansvar for norsk språkpolitikk. Skal vi nå dei språkpolitiske målsetnadane Noreg har sett seg, er det behov for meir språkpolitisk kraft – ikkje mindre. Språkrådet må få arbeida fritt på vegner av heile det norske språksamfunnet. Lat Språkrådet vera Språkrådet.

9 Dialekttapet i Noreg

■ Dei norske dialektane er ein viktig del av den immaterielle norske kulturarven. Dei var òg grunnlaget for gjenreisninga av norsk som skriftspråk, og nynorsk er uløysleig knytt til det norske dialektmangfaldet. Dette mangfaldet er under sterkt press. I dalane på Austlandet føregår det eit regelrett dialektbyte mange stader. Andre stader – på Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg – endrar talemåla seg meir gradvis, men ofte slik at sentralaustnorske og bokmålsnære trekk erstattar tradisjonelle og ofte nynorsknære trekk.

Landsmøtet i Noregs mållag meiner at dialektskifte og dialektendringar må løftast i det offentlege ordskeftet. Større merksemd og medvit rundt dette emnet kan bidra til at prosessane kan ta ei anna retning enn dei har no. Det vil òg gagna det nynorske skriftspråket.

10 Læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarar

■ Det er framleis for dårleg tilgang på læremiddel for nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Det svekkjer undervisningstilbodet og verkar til å undergrava språkpolitikken i nynorskområde. Mangelen på læremiddel kan føra til at kommunar som har valt nynorskopplæring, går attende til bokmål. Det kan òg hindra at nye kommunar går over til nynorsk. Ei veikare nynorskopplæring kan dessutan medverka til at elevane får eit dårlegare utgangspunkt for å lære norske talemål.

Noregs Mållag vil so snart som råd ta naudsynte steg for å sikra at det kjem fullgode og oppdaterte læremiddel, medrekna fritt tilgjengelege nettressursar, for slik nynorskopplæring, på dei nivåa som er i vanleg bruk kommunane. Arbeidet må innebera

å halda kontakt med aktuelle fagmiljø og forlag å sikra finansiering frå styresmaktene å syta for å få nyskrive eller sett om det som trengst av tekstar

Overtydande om det naturlege i å velje Duun

Kvifor står Olav Duun oss fjernare enn han kanskje burde? Det er eitt av spørsmåla som blir stilte i antologien **Olav Duun. Menneske og natur**. Her viser nokre av landets fremste Duun-forskarar ein forfattarskap som er meir aktuell enn nokon gong, og som fortener langt fleire lesarar.

Iår er det 150 år sidan Olav Duun vart fødd. Denne hendinga går ikkje upåakta hen; kringom i landet blir det halde føredrag og spela teater, arrangert lesesirklar, stemne og konferansar. I tillegg har nokre av landets fremste litteraturforskarar og Duun-spesialistar fått i stand ein antologi: *Olav Duun. Menneske og natur*. Boka rommar ei innleiing og tolv heilt nye artiklar, som saman femnar breitt og loddar djupt i forfattarskapen. Best tener boka kanskje likevel som invitasjon med inn i Duuns forbløffande rikhaldige og levande univers.

Duun var lenge rekna blant Noregs største forfattarar. Og det med rette: Ut over klassikarar som seksbandverket om *Juvikfolke* (1918–1923), *Medmeneske*-trilogien (1929–1933) og pensumfavoritten *Menneske og maktene* (1938), gav han rundt rekna ut tjue verk – primært romanar, men også forteljingar, bygdeeventyr og –segner. Bøkene krinsar typisk om einskildmenneskets kamp i møte med krefter i så vel seg sjølve

som omgjevnadane – det vere seg menneske eller natur. Duun har attpåtil ofte blitt omtala som ein stilistisk meister og språkvirtuos. Likevel er det ei lei kjennsgjerning at han med åra har blitt litt avleggs. Duun blir ikkje lese like mykje, og har heller ikkje lenger ein like sjølvsagt plass i den norske bokheimen som generasjonsfellane Knut Hamsun og Sigrid Undset. Der dei to siste stadig vinn nye lesarar, til dømes gjennom rikskringkasta lesesirklar som Salongen og Leseklubben, har Duun meir dunsta bort. Denne situasjonen blir òg tematisert i *Olav Duun. Menneske og natur*, der ein av bidragsytarane like godt spør kva det skuldast at Duun står oss fjernare enn han kanskje burde? Dette spørsmålet stiller også eg meg etter å ha lese boka.

Olav Duun. *Menneske og natur* bygger på innlegg frå Duun-konferansen med same tittel, som vart arrangert ved Nord Universitet i 2023. Boka er kløktig redigert av Grethe Fatima Syéd og Hallvard Kjelen. Dei første seks artiklane, eller kapitla, er tydeleg tematisk ordna; først kjem tre kapittel om stoda mellom menneske og natur i forfattarskapen, etterfølgd av tre kapittel som på ulike vis kretsar kring Duuns aktualitet for skuleelevar og lærarstudentar. Dei siste seks kapitla spring i meir ulike retningar – frå sjanger- og kanondiskusjon, til motiv- og karakterstudiar. Med eit uttala mål om å løfte fram forfattarskapen på nytt, for både gamle og nye lesarar, er det kanskje ikkje så rart at bidraga om natur kjem aller først: I ei tid prega av klimakrise og økokritikk, er Duun sin forfattarskap ei gullgruve. Eller som Syéd og Kjelen skriv innleiingsvis: «For oss [som samfunn] er klimakrisen en katastrofe. Men for Duuns aktualitet er den som sendt fra oven.»

Naturen spelar også ei sentral rolle som aktør og kulisser hos Duun. Eller som Duun-veteranen Einar Vannebo, i forlenning av Johan Bojer, sparkar ballet i gang med å fastslå: Duun er den største landskapsmålarer i norsk diktning. I kapittelet underbygger han utsegna med ei fin utforsking av naturen si tyding i *Juvikfolke*. Det er eit takknemleg første kapittel. Ikkje berre svarar det godt til tittelen på antologien; det gir også ei god innføring (eller oppfrisking) med forholdsvis oppdaterte perspektiv på dette høgdepunktet i forfattarskapen. Referansane undervegs avslører rett nok at det er ei temmeleg tradisjonsbunden lesing vi får servert, sjølv om ein økokritisk inngang òg blir prøvd ut. Det siste peiker fram mot Renate K. Nordnes' økokritiske nylesing av flaummotivet i *Menneske og maktene*. Inngangen er likevel ikkje heilt ny; som Nordnes sjølv skriv, vart *Menneske og maktene* nokså nyleg lese som klimaroman av Maria Olerud i *Vinduet* (2023). Denne framifrå lesinga tek noko av brodden av Nordnes' samanliknande studie av flaummotivet i Duuns meisterverk og i Jonny Hallbergs mindre kjente roman *Flommen* (2000) – ein studie som nok òg hadde tent på ei strammare redigering. Det er i det heile litt merkeleg at ikkje meir kjem ut av dei første artiklane om naturen i Duun sine beste bøker, i og med potensialet ein av redaktørane, Grethe Fatima Syéd, legg til grunn i sin rikhaldige artikkel. Ifølge Syéd er Duun sine naturskildringar viktigare enn nokon gong: «Derfor bør de studeres på nytt. Da kan de komme til å si oss noe, ikke bare om naturen, men også om hvordan vi bør revurdere noen oppfatninger om oss selv». Eg trur på det Syéd skriv. Motivkrinsen let seg i aller høgste grad kaste ljøs og mørke over i ei tid der klimaet går til helvete; Duun gjev plenty av før til svoltne økokritiske lesarar. Det er berre



■ bokmelding

Grethe Fatima Syéd og Hallvard Kjelen (red.):
Olav Duun. Menneske og natur
Fagbokforlaget, 2025

synd at første del av boka ikkje riktig speglar potensialet. Det gjer derimot den andre, meir didaktisk orienterte delen av boka.

Finst det ei framtid for Duun i skulen? Etter å ha lese dei tre artiklane til Hallvard Kjelen, Haakon Halberg og Anne Cathrine Haugdahl, og Audhild Norendal, er eg overtydd om at svaret er ja. Her må eg få vere litt personleg. Eg er ingen Duun-forskar. Det har eg heller aldri vore. Eg skal ærleg tilstå at eg syntest Duun var litt tung då eg las *Menneske og maktene* på grunnfaget. Som lærarutdannar med fridom til å velje pensum for framtidens lærarar, har eg derfor styrt unna Duun. No har eg komme på betre tankar. Ikkje berre har Kjelen og Norendal med



Inga Henriette Undheim
(f. 1983) er førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet med nordisk litteratur som hovudområde. Ho forskar mellom anna på tidlegmoderne litteraturhistorie, samisk litteratur og barne- og ungdomslitteratur. Undheim underviser i norsk på grunnskulelærarutdanninga.



Ny leiar for Nynorsksenteret

Liv Kristin Bjørlykke Øvereng skal leia Nynorsksenteret dei neste fire åra. Ho tek over etter Synnøve Marie Sætre, som har leidd senteret sidan 2022.



RØYND: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng har vore tilsett ved Nynorsksenteret sidan 2010. No tek ho til som leiar. Foto: Nynorsksenteret

■ Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) vart oppretta 1. januar 2005. Synnøve Marie Sætre er den tredje leiaren i historia til senteret. Sommaren 2026 går det fire år lange året hennar ut, og no er det kjent at Liv Kristin Bjørlykke Øvereng tek over.

Øvereng er utdanna allmennlærer med mastergrad i spesialpedagogikk, og har vore tilsett ved Nynorsksenteret sidan 2010. Ho har doktorgrad i utdanningsvitenskap og humaniora med ei avhandling om nettbrett i klasserommet.

– Nynorsksenteret har eit viktig nasjonalt mandat, som me løysar gjennom forskning, ressursutvikling, formidling og rådgjeving. Dette arbeidet har fått godt roffeste, og det er ei glede å få lov til å leia arbeidet vidare i lag med alle dei gode tilsette ved Nynorsksenteret, seier Øvereng.

– Det har vore spennande å leia Nynorsksenteret. Eg har fått teke del i det viktige arbeidet Nynorsksenteret gjer for nynorskopplæringa i heile landet, og eg har fått gjort det saman med ein drivande dyktig og triveleg gjeng. Det er godt å gje stafettpinnen vidare til Liv Kristin. Då er senteret i dei beste hender, seier Sætre.

Liv Kristin Bjørlykke Øvereng trer inn som leiar for Nynorsksenteret 1. august.

sine kapittel om høvesvis Duuns barnelitteratur og temainngangar til Duun sine noveller synt nye sider ved, og inngangar til, forfattarskapen, med klar relevans for skulen. Med kapittelet «I eventyre med lærarstudentane» har Halberg og Haugdahl dessutan gitt meg lyst til å supplere, eller erstatte Hamsun med Duun, og ikkje nok med det. Artikkelen inspirerer òg til nye tverrestetiske måtar å arbeide med litteraturundervisning generelt, og Duun spesielt på, som kanskje til og med kan bidra til å motverke den såkalla lesekrise. Kapittelet gav meg iallfall styrkt tru på ungdommen – og på Duun.

Dei resterande kapitla, som utgjer godt og vel andre halvdel av boka, er mindre ungdommeleg utforma. Ikkje berre utforskar Aasta Marie Bjørvand Bjørkøy alderdomsmotivet i *Juvikfolke*; kapitla er også jamt over skrivne av veteranar i faget. Her tek den eine professoren etter den andre føre seg Duun på velkjente, for ikkje også å seie føreseielege måtar; Erik Bjerck Hagen vurderer kvalitet og kanonisering, John Brumo diskuterer novelle og sjangertrekk, Sveinung Nordstoga grublar med eksistensialisme, medan Heming H. Gujord skulemeisterleg spør seg kva Duuns Odin kan lære oss som lesarar. Sagt på denne måten kan det kanskje høyrest ut som eg avskriv bidraga som trøytande. Det gjer eg ikkje på nokon måte. Kapitla er alle fagleg botnsolide; det er mykje å lære – ikkje berre av Gujord og Odin – men av boka samla sett. Ja, for boka held ver-

keleg det redaktørane lovar; sjølv om *Juvikfolke* står i ei særstilling (noko som kanskje ikkje er så rart, med tanke på at nett *Juvikfolke* feira hundre år i 2023), så lukkast dei tolv bidraga verkeleg i å syne fram mykje av breidda og aktualiteten i forfattarskapen.

Ein mangel peiker seg likevel ut, med tanke på forfattarskapen, den valde tittelen, og året konferansen boka bygger på vart halden, nemleg 2023. I 2023 publiserte den norske Sannhets- og forsoningskommisjonen sin rapport som grunnlag for eit oppgjær med fornorskinga av samar og nasjonale minoritetar. Og er det noko Duun sin forfattarskap eignar seg for i studiar av menneske og natur, så er det ei nylesing av Duun si framstilling av samar. Denne sida av forfattarskapen blir så vidt nemnt innleiingsvis i *Olav Duun. Menneske og natur*, og også streifa mot slutten av Gujords kapittel i siste del av boka. Elles blir motivet berre omtala i forbifarta. Eg hadde gjerne lese meir om dette. I eit sannings- og forsoningsperspektiv anar det meg nemleg at *Duuns forfattarskap* er som sendt frå ovan – ikkje fordi samar og nasjonale minoritetar blir rosmåla, men fordi dei, som hos Hamsun, er synlege, og slik gir grunnlag for å forstå trongen til forsoning.

På den andre sida gjer manglar som denne det openbert at forfattarskapen toler både meir, breiare og djupare utforskning av framtidige litteraturforskar og Duun-ekspertar.

INGA HENRIETTE UNDHEIM

Bokmål er sidemål i Vinje!

Vinje kommune er ein nynorskkommune og vart i 2018 «Årets nynorskkommune», ein pris dela ut av Språkrådet og Kulturdepartementet. Argument for å gi Vinje prisen var at kommunen var «ein føregangskommune i arbeidet for å gje innvandrarak nynorskopplæring på nynorsk og at kommunen har kravd nynorsk i felles profilering av Vinje som reisemål.»

I 2026 er likevel praksis at bokmål er hovudmålet i undervisninga av framandspråklege elevar i vaksenopplæringa. Elevane har høve til å velje nynorsk, men valet synest vere illusorisk.

Giovanni Cozi, italiengar busett i Vinje, tek opp denne problemstillinga i eit lesarinnlegg i VTB 10. januar 2026, og skriv mellom anna: «Når bokmål allereie dominerer nasjonalt, vil det å ikkje tilby nynorsk lokalt ikkje vere nøytralt, men tvert imot forsterke ei skeiv maktbalanse mellom målformene. Resultatet er at nynorsk blir noko ein må kjempe for å lære, i staden for noko ein naturleg får tilgang til der språket faktisk er hovudmål.»

■ innlegg

Vinje Mållag understrekar det sjølvsagte i at framandspråklege vaksne i nynorskkommunen Vinje, skal ha nynorsk som hovudmål og bokmål som sidemål i nynorskopplæringa.

Konkret vil det seie at alle kurs skal ha nynorsk som hovudmål og at alle læremiddel, digitale og på papir, skal vere på nynorsk.

Vinje Mållag rår og til at ein i starten av opplæringsperioden gir alle elevane grundig innføring i nynorsken sin plass i Noreg, både historisk og i dag, ikkje minst gjennom bruk av tekster av nynorske forfattarar. Dette kan vere med å rette opp misoppfatningar om nynorsk som eit «gamaldags språk som ingen i Noreg brukar». Denne misoppfatninga fører til at mange let vere å velje nynorsk når dei skal lære seg norsk. I Vinje er nynorsk hovudmål, og bokmål sidemål!

Årsmøtet i Vinje Mållag

Kreativ biletbok frå Suldal Mållag



■ bokmelding

Ingvar Olimstad
og Nenad Ignjatic:
Simon og Prinsegut
Suldal Mållag, 2025

■ Er det noko lokallaga i Mållaget ikkje får til? har eg ofte lurt på. Å gje ut barnebøker er det i alle fall fleire av dei som kan, no sist Suldal Mållag. Dei står bak *Simon og Prinsegut*, ei biletbok om hunden Prinsegut som har litt høgare ambisjonar enn å vera mennesket Simon Selleland sin beste ven. Dette er ei kreativ og original forteljing som er artig å lesa for både born og vaksne.

Kva skjer når ein eldre, litt eksentrisk og svært velmeinande mann, som er van til å vera aleine, får ein hund og kallar han Prinsegut? Det kan lett eskalera, skjønar me ganske raskt i historia om denne nye duoen.

Men prinsegut har ikkje tenkt å vera dreng for Selleland i vesle byen Sulesand. Nei, slik ein tanke gjer han krenkt!

Dette er ei historie om artige rollebyte, der alt det vanlege vert snudd opp ned. Både teksten og illustrasjonane dyttar i fantasievna vår og får oss til å leika, prata, tenkja og lura på kva som eigentleg skjer og kva det eigentleg betyr. Og er det ikkje nett det som er det magiske ved høgtlesingsbøker?

Det er forfattar Ingvar Olimstad og illustratør Nenad Ignjatic som står bak det kreative innhaldet i boka. Arbeida deira står godt til kvarandre og byggjer opp historia på kvar sin sær-eigne måte. Begge har dei vore opptekne av kultur og at tilbodet til born må vera på deira eige språk. Desse nynorske rima, saman med bilete som inviterer ope til å dukka ned i eit nytt univers, tek dette på alvor og gjev oss ei heilskapleg og spennande lesestund.

LIVE HAVRO BJØRNSTAD

Sjølvsikker debut

Kan eg sjå på er ei sjølvsikker, fokusert og humørfylt novellesamling proppa med populære musikalske referansar.

■ I *Kan eg sjå på* får vi fleire forteljingar som på ulike vis handlar om det å ville bli sett eller om å bli sett. Frida Fliflet, som til dagleg jobbar i Musikkmagasinet i Klassekampen, har eit skarpt blikk for sosiale situasjonar og godt grep om både form og innhald i novellene sine, og viser ein breidde i både lokasjonar og karakterar som er imponerende, særleg for ein debutant. Moderne popmusikk på både engelsk og spansk spelar sentrale roller i dei ulike novellene. Dei set stemninga godt, og for den som kjenner til referansane, legg det heilt sikkert til ein dimensjon i tolkinga av novellene.

Kontroll og truverde

Kan eg sjå på startar sterkt med den galgenhumoristiske «Verdas minste fugl», der hovudpersonen er i familieselskap og freistar å kasta opp i bunad utan at det blir lagt merke til. Språket er enkelt og humørfylt, men under den komiske overflata ligg det noko alvorleg. Nokre av dei same kvalitetane finn vi i novella «Over kanten» mot slutten av novellesamlinga, der det er delinga av eit nakenbilde som er drivet i forteljinga.

Novelle to – «Parfyme» – er den kortaste novella og dreier seg om relasjonen mellom ein far og ei dotter. Denne kjenst ved første gjennomlesing litt for enkel, men får ei slags oppfølging mot slutten av novellesamlinga. Likevel er dette den isolert sett svakaste novella. I den tredje novella viser Fliflet igjen korleis ho meistarar å sjå samtaler og situasjonar utanfrå ved å leggja blikket til eit barn. Denne er også eitt søtt høgdepunkt.

Fliflet senkar så tempoet i den merkbar lengre novella «Fantasia», der ei dotter med hjartesorger køyrer bil med far sin i passasjersekket. Her er det fullt av tilbakeblikk og refleksjonar omkring forholdet til både familie og ein fyr egpersonen har møtt på ein dating-app. Her kjenst ikkje klimakset og vendinga tilfredsstillande nok til at novella forsvarar lengda si, men Fliflet viser samstundes god kontroll på forteljargrepa og skapar ein truverdig sosial situasjon.

I den påfølgjande «Ave Maria» bryt Fliflet med både stemning og skrivestil, og går over i eit intenst munnleg språk. Dette brotet er velkome. Her får Fliflet vist at ho har god språkleg breidde, og vi får ei av dei minneverdige novellene i samlinga, mykje på grunn av slutten. I «Eple, stamme» er det forholdet til ein bestefar som står i sentrum. Dette er blant dei novellene som opnar for flest tolkingar i samlinga, og er soleis endå eit høgdepunkt. «Kokepunkt» handlar om to nord-



BLIR SETT: Frida Fliflet er endå ei i rekka av dei mange gode debutantane på Samlaget dei siste åra, skriv Vemund Norekvål Knudsen.

Foto: Amanda Iversen Orlich / Samlaget



■ bokmelding

Frida Fliflet:
Kan eg sjå på
Samlaget,
Oslo 2025

menn i Chile, i kjølvatnet av opprøra som herja nokre år tilbake. Dette er ei forfriskande politisk novelle som skil seg ut frå dei andre novellene i både stemning og tematikk. Det er originalt å lesa ei nynorsknovelle lagt til Chile, med det eg reknar med er to urbane turistar. I desse anti-turist-tider kjennest novella aktuell.

Ekte og ærleg

I dei siste novellene, «Vår», «Kan eg sjå på» og «Ta meg kor enn eg vil» går Fliflet tilbake til konkrete og fokuserte situasjonar, som i dei fyrste novellene i samlinga. Alle novellene markerer seg på ulike vis, og Fliflet får igjen fram eitt breitt spenn av situasjonar og relasjonar. «Vår»

tek for seg konsekvensane av eit tilfeldig og platonisk ligg. Tittelnovella går føre seg på eit treningsstudio, og skildrar ein ubehageleg sosial situasjon, som blir blant dei mest minneverdige novellene i samlinga. Bokas siste novelle tar føre seg to stykk som skal på kino, der det blir tydeleg at relasjonen på ingen måte er som han bør vere. Diverre opplevast denne novella litt for overtydeleg.

Fliflet viser seg aller best når ho skriv om konkrete og fokuserte situasjonar, og ho viser seg som ein debutant med god kontroll på handverket. Dei lengste novellene kjenst som dei svakaste, endå desse også har fleire kvalitetar. *Kan eg sjå på* kunne fort blitt endå ei samling av relasjonsdrama eller historier om å ikkje bli forstått, men det blir aldri klisjéfylt eller føreseieleg. Fliflet skriv sjølvsikkert og upretensiøst, og språket kjennest ekte og ærleg. Den store styrken ligg mykje i truverdet i forteljarstemma og i situasjonane. Fliflet syner ei breidde tematisk, språkleg, geografisk og i persontypene sine som er imponerende for ein debutant. Ho skriv overtydande og muntert, sjølv når tematikken er alvorleg, og dette bidreg til at novellesamlinga er underhaldande heile vegen gjennom.

Det har vore fleire gode debutantar på Samlaget dei siste par åra, og Frida Fliflet er endå ei i rekka. Det lovar godt for framtida til nynorskklitteraturen.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Skrekkeleg fråtseri

Vi har alltid budd på slottet er ein vellukka roman fordi Shirley Jackson er ein meister i å halda på fleire stemningar samstundes. Her finn ein uhygge på fleire plan. Kanskje du skal halda eit auge med matlaginga framover?



■ bokmelding

Shirley Jackson:
Vi har alltid budd på slottet
Omsett av Laura Djupvik
Samlaget, Oslo 2026

■ *Vi har alltid budd på slottet* (*We Have Always Lived In The Castle*) frå 1962 er den siste romanen til den amerikanske forfattaren Shirley Jackson (1916–1965), som i all hovudsak er kjend for dei gotiske skrekkromanane og novellene sine, så som *The Haunting of Hill House* og *The Lottery*. Shirley Jackson er anerkjend som den mest innverknadsrike og beste forfattaren innanfor moderne gotikk og skrekk. Gotikksjangeren strekker seg tilbake til England på midten av 1700-talet, og eit typisk døme på sjangeren er *Frankenstein* (1818). Gotiske forteljningar har vore populære i USA, med forfattarar som Edgar Allan Poe, og gjennom undersjangeren *sørstatsgotikk*, gjort berømt av namn som William Faulkner og Flannery O'Connor.

Klaustrofobisk

